

Når den gode samtalen bryt saman

Ein fenomenologisk studie av netthets mot kvinnelege samfunnsdebattantar

Merete Horpestad

Rettleiar

Odin Lysaker

Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved Universitetet i Agder og er godkjent som del av denne utdanninga. Denne godkjenninga inneberer ikkje at universitetet står inne for dei metodar som er nytta og dei konklusjonar som er gjort.

Universitetet i Agder, 2014

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for religion, filosofi og historie

Føreord

Takk til rettleiar Odin Lysaker for ideen til tema, gode faglege råd og oppmuntring. Takk til Terje Mesel for innspel. Mange takk til informantane òg, som var greie og stilte opp.

Takk til sjefen for velvillig innstilling, og takk til alle som har motivert meg undervegs.

Nærbø, 8. november 2014

Merete Horpestad

Innhald

1. Innleiing.....	7
1.1 Tema og problemstilling.....	7
1.2 Juridiske grenser.....	8
1.3 Debatt om ytringsansvar.....	9
1.4 Empirisk informert og etisk orientert oppgåve.....	10
2. Metode.....	12
2.1 Grunngeving for val av design.....	12
2.2 Fenomenologi – epistemologiske og ontologiske føresetnader.....	13
2.3 Utval og intervju.....	14
2.4 Om å tolka intervjumaterialet.....	16
2.5 Fenomenologisk reduksjon.....	17
2.6 Validitet.....	18
2.7 Metodeutfordringar.....	18
2.8 Etske refleksjonar.....	19
2.9 Analyse i lys av teori.....	20
3. Empiri.....	22
3.1 Om informantane.....	22

3.2 Kvinnesak og innvandring er vepsebøl.....	23
3.3 Blir truga og trakasserte.....	23
3.4 Får ein annan type hets enn menn.....	24
3.5 Tar det ikkje personleg.....	25
3.6 Får tjukkare hud.....	26
3.7 Blir opplevd som ubehageleg.....	26
3.8 Skapar frykt, sinne og sårar.....	27
3.9 Rammar sjølvkjensla.....	28
3.10 Utgjer ei belastning.....	29
3.11 Fører til sjølvensur.....	30
3.12 Urolege for dei unge.....	31
3.13 Opplever at menn vil ha rangen.....	32
3.14 Har motivasjonen i behald.....	33
4. Teori.....	36
4.1 Helge Svare og den gode samtalen.....	36
4.1.1 <i>Ideal for den gode samtalen.....</i>	<i>37</i>
4.1.2 <i>Truslar mot den gode samtalen.....</i>	<i>40</i>
4.1.3 <i>Dialog og samfunnsutvikling.....</i>	<i>40</i>
4.1.4 <i>Dialog og personleg utvikling.....</i>	<i>41</i>
4.2 Martha C. Nussbaum og objektgjering.....	42
4.3 Martha C. Nussbaum og menneskeleg blomstring.....	44
4.3.1 <i>Liste over verkemåtar.....</i>	<i>45</i>

4.3.2 <i>Handlingsrettleggning hos Nussbaum</i>	48
4.4 Axel Honneth og sjølvrealisering.....	49
4.4.1 <i>Byggjer på Hegel</i>	50
4.4.2 <i>Postmetafysisk teorispråk hos Mead</i>	51
4.4.3 <i>Krenking og identitetskollaps</i>	52
5. Analyse	55
5.1 Den gode samtalen bryt saman.....	55
5.2 Samtalen mistar samfunnsendrande kraft.....	57
5.3 Netthets trugar velvære og personleg utvikling.....	57
5.4 Objektgjerung som trussel mot den gode samtalen.....	58
5.5 Objektgjerung som trussel mot det gode liv.....	59
5.6 Sjølvrealisering på spel.....	60
5.7 Moralsk kommunikasjonskrise.....	61
5.8 Fine tilbakemeldingar gir vellykka sjølvrealisering.....	63
5.9 Konsekvensar for individ og samfunn.....	64
5.10 Netthets kan botna i skam.....	64
5.11 Netthets er etisk forbode og må motarbeidast.....	66
6. Avslutning	67
6.1 Konklusjon.....	67
6.2 Forslag til vidare forsking.....	69
6.3 Alternative analysereiskap.....	69

6.4 Implikasjonar for praksis.....	70
Litteraturoversikt.....	71
Vedlegg.....	76
Intervjuguide.....	76
Samtykkeskjema.....	77

1. Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Balansen mellom ytringsfridom og det etiske kravet om ikkje å påføra personar eller grupper unødvendig skade (Svare 2012, s. 144) er temaet for denne oppgåva. «Når huda er litt tynn, kan du ta det inn og tenkja at folk har rett, ikkje sant?» Slik forklarar ei av kvinnene som eg har intervjuet, korleis det kjennest å bli netthetsa.

I februar 2013 stod seks svenske kvinner fram og fortalde om grotesk hatpost i den svenske TV-dokumentaren «Män som näthatar kvinnor». Åtte norske kvinnelege samfunnsdebattantar fortalde sine historier i TV 2-dokumentaren «Kvinne, jeg hater deg», som blei sendt i oktober 2013. Fleire kvinner har delt erfaringane sine i avisartiklar. I Vårt Land 5. desember 2013 uttalte Marie Simonsen, politisk redaktør i Dagbladet, at sjikane er ein del av kvardagen hennar. Simonsen sa til Vårt Land at ho fryktar mange kvinner held seg vekke frå den offentlege debatten på grunn av det ubehagelege debattmiljøet.

Om grupper som føler seg krenkte i den offentlege debatten må øva opp toleevna si, er eit tema filosof Helge Svare drøftar i boka *Til saken – Etikk og retorikk i den offentlige debatten*. Svare refererer til ein kronikk i Dagbladet, der budskapet er at krenkingar har ein nyttig funksjon i eit liberalt samfunn: Krenkingar fører over tid til at folk blir herda og mindre hårsåre. Dei som kjenner seg krenkte må krenkjast meir, heilt til dess han eller ho sluttar å bry seg. Men kva risikerer me av menneskeleg ubehag i mellomtida? spør Svare. Han spør òg om me ikkje risikerer å få ein fattigare debatt – om nokon opplever klimaet som så ubehageleg at dei trekkjer seg (Svare 2012, s 140).

Med denne oppgåva vil eg undersøkje saka. Problemstillinga er som følgjer: *Korleis opplever kvinnelege samfunnsdebattantar å bli netthetsa? Kva gjer netthetsen med motivasjonen deira for å halda fram med å ytra seg offentleg? Kva trussel utgjer netthets mot den gode samtalen og det gode liv? Kva er det som utløyser netthets – og kvifor? Kan ein, med å ta utgangspunkt i omgrepet det gode liv, seia at det er etisk forbode å netthetsa?*

Hets blir i nynorskordboka definert som vondkyndt, usakleg agitasjon retta mot noko eller nokon, opphissa stemning mot noko eller nokon eller kampanje mot nokon som har karakter av forfølgjing. Å netthetsa kan definerast slik: Å bruka Internett, spesielt sosiale medium, til å

latterleggjara, mobba og angripa menneske, oppmoda andre til å gjera det og å oppmoda til angrep eller sjølv mord (Foxman og Wolf 2013, s. 50).

1.2 Juridiske grenser

Temaet for oppgåva er spent mellom juss og etikk; mellom ytringsfridom og ytringsansvar. Retten til å ytra seg er verna gjennom paragraf 100 i Grunnloven og dei folkerettslege forpliktingane Noreg har påtatt seg gjennom Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), Menneskerettsloven frå 1999, samt FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (Bouiri 2012, s. 4).

I 2004 blei paragraf 100 i Grunnloven endra i meir liberal retning. Bare restar av tidlegare avgrensingar når det gjeld retten til å ytra seg, blei verande igjen (Berge 2010, s. 1). Kommisjonen som arbeidde med lovendringa, den såkalla ytringsfridomskommisjonen, la vekt på at Noreg skal vera eit ope samfunn der den enkelte er fri til å ytra seg og halda seg informert. Ei opplyst, aktiv og kritisk offentlegheit er grunnvollen i demokratiet, poengterte kommisjonen (NOU 1999, s. 3). Det var viktig for kommisjonen å finna ei god avveging mellom omsyna bak inngrepa i ytringsfridommen og skadane desse kan påføra prosessane ytringsfridommen skal verna om; søk etter sanning, vern om demokratiet og meiningsdanning (NOU 1999, s. 3). Ytringsfridommen har eit sterkt vern, samtidig som Grunnloven gir høve til å avgrensa ytringsfridommen (Bouiri 2012, s. 5).

Straffeloven paragraf 135a forbyr visse grovt diskriminerande ytringar. Det som blir rekna som diskriminerande eller hatefulle ytringar, er å truga eller håna nokon på grunn av hudfarge eller opphav, religion eller livssyn, homofil legning eller leveform eller nedsett funksjonsevne (straffeloven, 1902). Likestillingsloven slår fast at trakassering på grunn av kjønn og seksuell trakassering er forbode. Trakassering på grunn av kjønn er definert som handlingar, uttaler eller ytringar som verkar – eller som har som føremål å verka – krenkande, skræmande, fiendtlege eller audmjukande (likestillingsloven, 2013). Diskrimineringsloven seier at det er forbode å trakassera folk på grunnlag av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk religion og livssyn (diskrimineringsloven, 2005).

FN-konvensjonen om å avskaffa alle former for diskriminering mot kvinner definerer diskriminering mellom anna som innskrenkingar eller utestengingar som har som føremål eller verknad å svekkja menneskerettane til kvinner – eller grunnleggjande fridomar på

politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle, sivile og andre område. Artikkel 5 seier at konvensjonspartane skal treffa tiltak for å endra dei sosiale og kulturelle åtferdsmønstra til menn og kvinner med sikte på å avskaffa fordommar, skikk og bruk, samt anna praksis som byggjer på førestillinga om at det eine kjønnet er mindre verd enn det andre (FNs kvinnekonvensjon, 1979). EMK framheld at den som kjem med hatefulle ytringar, ikkje kan gøyma seg bak ytringsfridommen (Bouiri 2012, s. 4). Artikkel 10 poengterer at utøvinga av ytringsfridommen medfører plikter og ansvar, blant anna for å verna om andre sitt omdømme (EMK 1953).

I desember 2012 blei straffeloven endra. Med lovendringa har det blitt mogleg å straffeforfølgja ytringar i det offentlege rommet, uavhengig av kva medium dei har blitt spreidde gjennom. Nå heiter det at ei ytring er offentleg når ho er sett fram på ein måte som gjer at ho kan nå eit større gruppe personar (Prop.53L 2012-2013).

1.3 Debatt om ytringsansvar

2004 var gjennombrøtsåret for det som er blitt kalla web 2.0; at folk kan samarbeida og dela informasjon på nettet (Corneil 2007, s. 252). YouTube, Facebook, MySpace og Twitter er ein del av web 2.0-teknologien (Foxman og Wolf 2013, s. 11). Utviklinga har skapt nye moglegheiter for spreieing av kunnskap og informasjon (Levold, Spilker og Sørensen 2007, s. 268). Samtidig har det oppstått ein debatt om regulering, som har sprunge ut av frykt for invadering av privatlivet, personangrep, pornografi, vald og personlege ærekrenkingar (Corneil 2007, s. 255).

I 2011, i kjølvatnet av terroren 22. juli, starta Sindre Bangstad og Arne Johan Vetlesen ein offentleg debatt med artikkelen *Ytringsfrihet og ytringsansvar*, publisert i *Nytt Norsk Tidsskrift*. Bangstad og Vetlesen kallar dei nye sosiale media ein motor for ei utvikling i retning av dårlegare ytringskultur med manglande kvalitetssikring av ytringar. Dei kritiserer den optimistiske tolkinga av denne utviklinga, som går ut på at nye sosiale medium bidrar til demokratisk spreieing av ytringar – slik at langt fleire stemmer blir høyrte (Bangstad og Vetlesen 2011, s. 339).

Ytringsfridom er i seg sjølv ikkje nokon garanti for at dei beste argumenta vinn fram i det offentlege, understrekar Bangstad og Vetlesen. Dei forfektar at ytringsfridomen ikkje er absolutt og grenselaus, men må balanserast i forhold til andre grunnleggjande menneskerettar.

Ytringsfridomen er ein fridom som medfører ansvar, slår dei fast (Bangstad og Vetlesen 2011, s. 342).

Ein av reaksjonane *Ytringsfrihet og ytringsansvar* hausta, kom frå Svein Erik Tuastad. Han meiner det er naivt å tru at hat og forakt mot grupper forsvinn med forbod. Tuastad insisterer på at det er betre å argumentera imot hatefulle ytringar enn å innskrenka fridomen til alle. Likeverdsprinsippet demokratiet er bygd på, inneber ein rett til å ta feil, presiserer han. Tuastad meiner Bangstad og Vetlesen er altfor svartsynte når dei skildrar dei sosiale media. I det store og heile er debattinnlegga i arkivet til VG-debatt meiningserklæringar, ikkje hets, veit han. Sjølv om nettdebatten ikkje oppfyller krava til den ideelle samtalen, er det ennå norma om denne som driv debatten, meiner Tuastad (Tuastad 2012, s. 117).

Georg Fr. Rieber-Mohn, som òg heiv seg inn i debatten, er klar på at hatefulle og diskriminerande ytringar føretrinnsvis bør møtast med motytringar og ikkje med straffeansvar. Men, understrekar Rieber-Mohn, det kviler eit etisk ansvar på den som ytrar seg – ikkje minst i den offentlege sfæren (Rieber-Mohn 2012, s.119).

1.4 Empirisk informert og etisk orientert oppgåve

Debatten har vist at det er ulike meiningar om korleis juss og etikk skal vektast mot kvarandre. At ytringsansvar i hovudsak bør sjåast på som eit etisk, og ikkje eit juridisk omgrep, understrekar Helge Svare og Trygve Svensson i eit innlegg på NRK Ytring. Dei dreg parallellar til det å vera ein god samfunnsborgar, som er noko meir enn å følgja loven (Svare og Svensson 2014).

I denne oppgåva ser eg på ytringsansvar som eit etisk omgrep. Oppgåva er empirisk informert (Leer-Salvesen 2011, s. 70) og etisk orientert. Eg har gjort ein empirisk studie som eg ser i lys av eit etisk rammeverk, med sikte på å dra ein normativ konklusjon. Føresetnadene for å kunna gå frå «er» til «bør» kjem eg tilbake til i det påfølgjande kapittelet, metodekapittelet. Her gjer eg òg greie for valet av forskingsmetode. Eg har brukt kvalitativ forskingsmetode, og eg har valt den fenomenologiske framgangsmåten. Det vil seia at eg ønskjer å forstå fenomenet netthets ut frå aktørane sitt eige perspektiv og skildra netthetsen slik informantane opplever han (Brinkmann og Kvale, 2009, s. 45). Eg har bedt åtte kvinner fortelja om korleis det kjennest å bli hetsa på nettet – med sikte på å skildra essensen i opplevinga (Creswell, 2007 s. 58).

I kapittel tre, empirikapittelet, presenterer eg funna frå undersøkinga. Frå empirien kan eg henta svar på dei to første spørsmåla i problemstillinga, om korleis netthets blir opplevd og korleis netthetsen påverkar motivasjonen for å ytra seg. Neste kapittel omhandlar teorien eg skal bruka i analysekapittelet. Eg har valt ein angrepsvinkel der eg tar utgangspunkt i omgrepa *den gode samtalen* og *det gode liv*. Når det gjeld det gode liv, nyttar eg Martha C. Nussbaum og Axel Honneth sine definisjonar av omgrepet. Definisjonane deira er ulike, men dei har begge eit aristotelisk utgangspunkt når dei utformar dei teleologiske teoriane sine.

For å belysa temaet ut frå omgrepet *den gode samtalen*, tar eg utgangspunkt i samtalenormene Helge Svare har utforma. Svare er opptatt av kva som trugar dialogen, som å ta personen i staden for saka. Å behandla nokon som eit objekt i staden for ein person, må kunna seiast å vera eit eksempel på det. Før eg presenterer Nussbaum sin *The Capabilities Approach*, sneier eg derfor innom Martha C. Nussbaum sin definisjon av det å gjera nokon til eit objekt. Til sist i teorikapittelet presenterer eg Axel Honneth sin teori om kampen for det å bli anerkjent. Eg har valt ut desse tre teoretikarane, Svare, Nussbaum og Honneth, fordi eg meiner dei alle har ressursar som kan brukast til å svara på spørsmåla i problemstillinga. Dermed kan dei utfylla kvarandre.

Kapittel fem er analysekapittelet. Ved å bruka teorien i det føregåande kapittelet som analysereiskap freistar eg å finna ut kva trussel netthets utgjør mot den gode samtalen og det gode liv. Deretter ser eg på kva som utløyser netthets – og kvifor. Avslutningsvis ser eg på om det er mogleg å seia – ved å ta utgangspunkt i omgrepet det gode liv – at det er etisk forbode å netthetsa.

Avslutningsvis, i kapittel seks, kjem konklusjon og forslag til vidare forskning. Eg gir òg nokon alternativ til analysereiskap og rundar av med ein kort refleksjon om implikasjonar for praksis. I konklusjonen svarer eg på alle spørsmåla i problemstillinga, inkludert dei to første. Korleis kvinnelege samfunnsdebattantar opplever å bli netthetsa og kva hetsen gjer med motivasjonen deira for å halda fram med å ytra seg offentleg, må eg som nemnt gå til empirikapittelet for å finna svar på.

2. Metode

Etter først å ha presentert designen eg har valt, og grunngeve valet, går eg i dette kapittelet inn på dei vitenskapsfilosofiske føresetnadene som ligg til grunn for den metodiske framgangsmåten eg har brukt. Deretter går eg gjennom prosedyrane i datainnsamlinga. Før eg konkret gjer greie for framgangsmåten for den systematiske oppdelinga av materialet i denne oppgåva, kjem nokon innleiande drøftingar om det å analysa eit intervjumateriale.

Eg drøftar validitet og metodeutfordringar før eg avsluttar den hovuddelen av metodekapitlet med eit avsnitt om etiske refleksjonar knytt til det å gjera forskingsintervju. I det siste avsnittet i metodekapitlet skriv eg om den delen av analysen der eg har sett datamaterialet i lys av teorien. Her seier eg noko om utfordringane med å analysa empiri (*er*) ut frå etikk (*bør*).

2.1 Grunngeving for val av design

Samfunnsvitenskaplege metodar er framgangsmåtar for å samla inn og analysa opplysningar om samfunnslivet på systematisk, kontrollerbart og godt grunnlagt vis (Riis 2005, s. 14). Når problemstillinga handlar om korleis folk oppfattar den sosiale verda dei inngår i, er det naturleg å spørja dei sjølv (Riis 2005, s. 99). Både i kvalitativ og kvantitativ forskning kan ein stilla spørsmål for å få resultat. I kvantitativ forskning er målet å produsera data som kan framstillast numerisk. I kvalitativ forskning, derimot, blir data framstilt i form av ord (Gomm 2008, s. 8). Omsynet til oppteljing er underordna. Det betyr at tal ikkje blir brukt systematisk som hjelpemiddel i analysen. Teksten er det sentrale uttrykket og arbeidsmetode for kvalitative metodar (Repstad 2007, s. 16). Kvalitativ forskning blir brukt der det er behov for ei komplisert, detaljert forståing av eit tema – med utgangspunkt i historier som blir fortalde (Creswell 2007, s. 40).

Det grunnleggjande forskingsspørsmålet og føremålet med undersøkinga vil vanlegvis vera utslagsgivande for val av framgangsmåte (Giorgi 2009, s. 62). Om eg hadde vore interessert å finna svar på spørsmål som dreier seg om omfanget av netthets, hadde eg gjort lurt i å leggja opp til ei kvantitativ undersøking. Men fordi eg er ute etter detaljert forståing av netthets (Creswell 2007, s. 40), har eg vald å bruka ei kvalitativ undersøking. Det er mange måtar å gjera kvalitative undersøkingar på (Creswell 2007, s. 6). Eg har valt å bruka den

fenomenologiske framgangsmåten, som John W. Creswell presenterer som eitt av fem moglege alternativ (Creswell 2007, s. 10). Dei andre alternativa han skisserer er narrativ og etnologisk framgangsmåte, kasusstudie og *grounded theory*.

I problemstillinga spør eg korleis kvinnelege samfunnsdebattantar opplever å bli netthetsa. Eit fenomenologisk studium har som mål nettopp å få fram meininga i eit fenomen eller eit konsept intervjuobjekta har opplevd. Føremålet er å få fram essensen av opplevinga (Creswell 2007, s. 57-58). I botn for undersøkinga ligg spørsmålsstillinga «korleis er det å...?» (Giorgi 2009, s. 80). Fordi eg ønskjer å forstå fenomenet netthets ut frå aktørane sitt eige perspektiv og skildra netthetsen slik informantane opplever han (Brinkmann og Kvale, 2009, s. 45), held eg ein studie lagt opp etter eit fenomenologisk prinsipp for å vera det beste utgangspunktet i arbeidet med å finna svar på spørsmålet i problemstillinga. Eg har intervjuåtte kvinnelege samfunnsdebattantar om korleis det er å bli netthetsa.

Creswell definerer to typar fenomenologiske framgangsmåtar. Den eine er hermeneutisk fenomenologi. Her blir tolkinga til forskaren tillagt stor vekt; forskaren reflekterer over erfaringane intervjuobjekta har gjort seg. I den andre typen, empirisk fenomenologi, ligg tyngda på å skildra erfaringane intervjuobjekta fortel om (Creswell 2007, s. 59). Her er idealet å betrakta fenomenet ein skal undersøkje med friske auge – som om det var første gongen ein var borti det. Ingenting skal trekkjast frå eller leggjast til (Giorgi 2009, s. 9). Erfaringane intervjuobjekta har gjort seg skal skildrast på ein presis måte – ikkje tolkast (Giorgi 2009, s. 77). Eg har brukt den siste, empirisk fenomenologi.

2.2 Fenomenologi – epistemologiske og ontologiske føresetnader

Fenomenologien er opptatt av måten me tillegg verda meining på (Benton og Craib 2011, s. 83). Bak prosedyrane i fenomenologisk forskning ligg ein tydeleg filosofisk komponent. Komponenten byggjer på arbeida til Edmund Husserl (1859-1938), samt Husserl-inspirerte filosofar som Martin Heidegger, Jean-Paul Sartre og Maurice Merleau-Ponty (Creswell 2007, s. 58).

Ordet fenomen kjem frå det greske ordet *phaenesthai*, som betyr å *visa seg*. I fenomenologien freistar ein å setja fordommar til sides og sjå på fenomenet med friske auge, utan å bli blenda av kunnskap som stammar frå kvardagslege, ureflekterte erfaringar (Moustakas 1994, s. 41). Sansing er sett på som den grunnleggjande kjelda til kunnskap, ei

kjelde som ikkje kan trekkjast i tvil (Moustakas 1994, s. 52). Utgangspunktet er *tinga slik dei er, the things themselves* (Moustakas 1994, s. 26). Men i fenomenologien er det å *sansa* eit vidare omgrep enn å *sjå* eller å *måla*, som ofte er alt som betyr noko for ein streng positivist (Benton og Craib 2011, s. 84).

Husserl var inspirert av René Descartes, som forfekta at objektiv verkelegheit i sanning er subjektiv verkelegheit. Med andre ord er ikkje det me sansar ein tom illusjon. Sansinga av verkelegheita er avhengig av subjektet som sansar (Moustakas 1994, s. 26 og 27). Objektet som dukkar opp i bevisstheita blandar seg med objektet «slik det er». Slik blir mening skapt og kunnskapen utvida. Det er det som dukkar opp i bevisstheita som er den absolutte verkelegheita, ifølgje Husserl (Moustakas 1994, s. 27).

Bevisstheita er eit medium mellom menneska og verda, meinte Husserl (Giorgi 2005, s. 76). Med å lenkja bevisstheita med den eksterne verda ville han forklara korleis bevisstheita arbeider for å forandra det me sansar til objekt det går an å kjenna igjen (Benton og Craib 2011, s. 83). At mening er ein sosial konstruksjon, er ein føresetnad i kvalitativ forskning. Verda, eller verkelegheita, er ikkje det fastlåste, målbare systemet som blir lagt til grunn for positivistisk, kvantitativ forskning. I staden snakkar me om eit utal av konstruksjonar og tolkingar, som endrar seg over tid (Merriam 2002, s. 3-4).

2.3 Utval og intervju

Eg har brukt det Creswell kallar kriterium-utval (Creswell 2007, s.128); eg har funne fram til åtte kvinnelege debattantar som har opplevd fenomenet netthets (Creswell 2007, s. 119). Dei fleste intervjuobjekta har eg googla meg fram til. Dette er kvinner som på ulike vis har stått fram med historier om at dei er blitt netthetsa. Men eg har òg brukt snøballprinsippet (Gomm 2008, s.152). Det vil seia at eg har spurt nokon av intervjuobjekta om dei kjenner andre kvinnelege samfunnsdebattantar som er blitt netthetsa og deretter tatt kontakt med desse. For å oppretta den første kontakten med intervjuobjekta, har eg brukt både e-post, Facebook og telefon.

Intervjua fann stad i perioden mellom 25. november 2013 og 4. februar 2014. Det kortaste varte i 37 minutt, det lengste i éin time og sju minutt. Til saman fekk eg seks timar og 35 minutt med opptak, som eg deretter transkriberte.

Seks av intervjua blei gjennomført på kafear, to på arbeidsplassane til intervjuobjekta. Fordelen med personlege intervju, i motsetning til telefonintervju, er at ein lettare får med seg korleis intervjuobjektet reagerer på spørsmåla – og dermed kan stilla oppfølgingsspørsmål. Det er lettare å få intervjuobjektet til å opna seg under eit personleg intervju enn under eit telefonintervju – så sant intervjuaren greier å oppnå tillit (Riis 2005, s. 147).

Eigenskapar ved intervjuar og respondent, og samspelet mellom desse, kan påverka resultatet av undersøkinga. Det er påvist at kvinnelege intervjuarar får fleire opplysningar om helsa til kvinner enn det mannlege intervjuarar får (Repstad 2007, s. 92). Det er ikkje utenkjeleg at ein slik effekt òg vil gjera seg gjeldande når ein skal spørja kvinner om korleis dei opplever å bli netthetsa. Stort sett gjeld regelen at like barn leikar best, poengterer Pål Repstad (Repstad 2007, s. 68). Det kan ha vore ein fordel at eg sjølv er kvinne og i same aldersgruppa som mange av intervjuobjekta. At eg som journalist sjølv har erfart eit snev av netthets, gjorde det dessutan lett for meg å hengja med i intervjusituasjonen. Ulempa med å vera «kjentmann» er at det er vanskelegare å opptre uvitande. Det kan føra til at ein går glipp av informasjon (Repstad 2007, s. 68).

Når dagleglivet skal forståast ut frå intervjuobjekta sitt eige perspektiv, blir semistrukturerte intervju brukt. At intervjuet er semistrukturert, betyr at samtalen verken er ein lukka spørjeskjemasamtale eller ein heilt open samtale. Med eit semistrukturert intervju er målet å forstå livsverda til intervjuobjektet. Slike intervju ligg tett opp til ein samtale i dagleglivet, men har eit føremål. Med ein intervjuguide sirklar ein inn bestemte tema (Brinkmann og Kvale 2009, s. 47). Fordi ein i fenomenologisk undersøking er ute etter å få vita både *kva* intervjuobjekta har opplevd og *korleis* dei har opplevd det (Creswell 2007, s. 58), utforma eg intervju spørsmåla med tanke på desse to kategoriane. Ved å unngå ferdigoppsette kategoriar og skjema i intervjusituasjonen, opna eg for nye og uventa fenomen (Brinkmann og Kvale 2009, s. 47). Eg styrte samtalen i den forstand at eg såg til at intervjuobjekta svarte på spørsmåla i intervjuguiden (Riis 2005, s. 101). Elles lét eg dei snakka rimeleg fritt.

Sju av dei åtte kvinnene fekk spørsmåla i intervjuguiden på e-post i førekant av intervjuet. Ho som ikkje fekk e-post, intervjuar eg same dagen som avtalen blei inngått. Ideelt sett burde alle fått spørsmåla på førehand, slik at alle hadde den same sjansen til å førebu seg. Spørsmåla var som følgjer:

- Kva har du opplevd av netthets?
- Korleis opplevde du det?

- Kva følte du?
- Kva tankar gjer du deg om netthets?
- Har netthetsen gjort noko med motivasjonen din for å halda fram med å ytra deg?
- Har netthetsen herda deg eller gjort skade?

2.4 Om å tolka intervjumaterialet

Ordet *analyse* blir brukt både om den systematiske oppdelinga av materialet, i mitt tilfelle fenomenologisk reduksjon, og prosessen som leier fram til den teoretisk grunnjevne fortolkinga i analysekapitlet (Riis 2005, s. 150). Når materialet ein skal analysere omfattar språklege uttrykk, som trykte tekstar eller intervjuutskrifter, er det nærliggjande å analysere kvalitativt. I kvalitativ analyse handlar det om å forstå og fortolka materialet (Riis 2005, s. 149).

Sjølv om idealet i den fenomenologiske framgangsmåten er å setja gammal kunnskap om fenomenet til sides, er det umogleg å gjera det fullt og heilt (Merleu-Ponty i Giorgi 2009, s. 92). Det er heller ikkje meininga. Alt me opplever tolkar me i lys av tidlegare erfaringar. Hadde me ikkje gjort det, hadde kvar ny erfaring i livet vore for strevsam til å halda ut (Giorgi 2009, s. 91). Nødvendigvis gjekk eg til oppgåva med å tolka intervjumaterialet med det Hans-Georg Gadamer kallar fordommar. Fordommar er forventningar som eg har, men som eg ikkje plent er klar over (Riis 2006, s. 17). Fordommane er blitt bygde opp gjennom dei erfaringane eg har gjort meg opp gjennom livet, og er dermed ankra i historia (Riis 2006, s. 126). Fordommane er ein føresetnad for at me i det heile tatt kan orientera oss og er ikkje knytt til noko negativt (Riis 2006, s. 17).

For å kjenna igjen fordommar, som kan vera i vegen for å forstå andre sine tankemåtar, kan det hjelpa å vera refleksiv. Ein del av det å vera refleksiv, er å tenkja over sine egne fordommar heilt frå starten av (Walent 2008, s. 5, 10 og 11). Å ha eit ope sinn, med plass for tvil og uventa konklusjonar, er nødvendig om forskingsprosessen skal få fram noko anna enn det ein veit på førehand, eller tar for gitt, understrekar Kirsti Malterud (Malterud 2011, s. 18).

Å gjera greie for egne erfaringar med fenomenet ein studerer, er ein del av det å vera refleksiv – og ein del av prosedyren i fenomenologisk framgangsmåte. Ved å skildra egne erfaringar og redslar, erkjenner eg at eg ikkje kan halda meg sjølv og mine egne tolkingar

heilt vekke frå det eg studerer (Creswell 2007, s. 227), og eg avslører kva briller eg les intervjumaterialet gjennom (Malterud 2011, s. 19).

Som journalist har eg blitt truga ved eit par tilfelle. Men det var på telefonen – før det fanst nettaviser og kommentarfelt. Kommentarfelthets har eg opplevd forsvinnande lite av. Bare ved eitt tilfelle har eg opplevd at lite velmeinte kommentarar har vore retta mot meg sjølv. Dette er for ingenting å rekna samanlikna med det kvinnene eg har intervjuet i denne oppgåva fortel om. Men der og då opplevde eg likevel kommentarane som ubehagelege, og opplevinga har nok gjort at eg er meir på vakt.

Eg har òg sett at intervjuobjekt i avisa eg jobbar i, har blitt hetsa i kommentarfeltet. Eg har dessutan sett graverande tilfelle av dette i andre medium. Sjølv om anonyme kommentarfelt ikkje lenger blir brukt i avisa eg jobbar i, kan eg til tider kjenna på ei uro når eg har intervjuet nokon og veit at saka skal på nettet. Eg fryktar at det å bli intervjuet i lokalavisa skal bli ei ubehageleg oppleving for dei som stiller opp, og eg kjenner eg har lyst å skåna dei for den slags. Det gjeld særleg når intervjuobjekta ikkje er vane med å uttala seg til media.

2.5 Fenomenologisk reduksjon

I fenomenologien er det som nemnt om å gjera å sjå fenomenet som skal studerast, med friskt blick. Det greske ordet *epoché*, som betyr å avstå frå å dømma, blir brukt. Som eg alt har vore inne på, er det å gjera greie for eigne erfaringar med fenomenet, rekna som ein del av *epoché* (Creswell 2007, s. 227). Gammal kunnskap om fenomenet må setjast til sides (Moustakas 1994, s. 33). Det er ikkje om å gjera å gløyma alt ein veit om fenomenet frå før, men om ikkje å bruka denne gamle kunnskapen. Det handlar om å setja seg sjølv i ein annan modus, så å seia (Giorgi 2009, s. 92).

Med gamle erfaringar sett til sides, og med så friskt blick som mogleg, las eg gjennom dei transkriberte intervjuet og såg eg etter utsegn som kunne fortelja noko essensielt om det å bli netthetsa. Desse utsegnene merkte eg av (Van Manen 1990, s. 93). *Horizontalizing* blir det kalla (Moustakas 1994, s. 120). I denne fasen av analysen har alle utsegnene lik verdi (Moustakas 1994, s. 97). Deretter lista eg opp desse utsegnene. Eg laga ei liste for kvart enkelt intervjuobjekt (Moustakas 1994, s. 121).

Neste steg var å granska utsegnene med føremål å gruppera dei i meiningsberande einingar (Creswell 2007, s. 148) som måtte dukka opp i fleire av dei transkriberte intervju (Van Manen 1990, s. 93). Eg *tematiserte* utsegnene (Moustakas 1994, s. 120). Eg arbeidde induktivt. I staden for å førehandsdefinera kodar, så koda eg først – for deretter å sjå etter mønster i intervjumaterialet (Malterud 2011, s. 104). Deretter skreiv eg empirikapittelet, kapittel tre, der eg brukte temaa som mellomtitlar.

2.6 Validitet

Ein skal vera forsiktig med å halda resultata frå kvalitative intervju fram som universelle sanningar. Resultata frå kvalitative intervju kan fort bli forskjellige frå forskar til forskar (Gomm 2008, s. 233), eller frå intervjuobjekt til intervjuobjekt (Riis 2011, s. 365). Det resultatet frå undersøkinga mi seier noko om, er korleis netthets blir opplevd av akkurat dei kvinnene eg har intervju. Andre kan oppleve det annleis. Men poenget med kvalitative forskingsmetodar er nettopp at ein ikkje er ute etter *éi* korrekt historie, men *fleire* historier. Og desse skal formidlast korrekt (Creswell 2007, s. 44-45).

Ole Riis peikar på at oppgjeret med positivismen førte til ei validitetskrise. Korleis kunne nokon historier vera meir sanne enn andre? Riis listar opp kvalitative parallellar til allmenn validitet, som nøytralitet og autentisitet. Dessutan må historia kunna bekreftast av andre (Riis 2011, s. 354). At det ein presenterer er truverdig, kan sikrast gjennom at framgangsmåten blir dokumentert, poengterer Riis. Han understrekar at det må gjerast godt handverk; at ein må vera systematisk og grundig (Riis 2011, s. 349).

2.7 Metodeutfordringar

Det er fleire variantar av moglege snubletrådar, som kan forpurra det endelege resultatet av undersøkinga. Eg måtte passa på at eg ikkje stilte leiande spørsmål (Gomm 2008, s. 220) eller spørsmål som kunne verka provoserande for intervjuobjekta. Eg unngjekk dessutan å prakka mine egne meiningar på intervjuobjekta. Hadde eg gjort det, kunne mine synspunkt ha kome til å prega intervjuobjekta sine (Riis 2005, s. 2011). Ein må koma tett nok på slik at ein kan få innsikt, men samtidig halda ein analytisk distanse, understrekar Ole Riis (Riis 2011, s. 361).

I møte med kjensleladde eller politisk ladde historier er det ein fare for å mista edruelegheita som trengst for å handtera kunnskapen på ein vitenskapleg måte (Malterud 2011, s. 202). Historiene eg fekk fortalt gjorde tidvis sterkt inntrykk, men eg la vinn på å forvalta dei på nøkternt vis (Malterud 2011, s. 202). Om nokon av respondentane valde å halda tilbake informasjon, fordi dei skjemdest over val dei har gjort (Gomm 2008, s. 213), er ikkje godt å vita. At ikkje nokon har smurt litt ekstra på (Gomm 2008, s. 223), har eg heller ingen garanti for.

Med tanke på å skulla finna ut korleis netthets påverkar motivasjon til å halda fram med å ytra seg, kan det tenkjast at utvalet mitt er noko skeivt. Eg har funne fram til intervjuobjekt som ennå er samfunnsdebattantar. Det vil seia at dei ikkje har latt seg knekkja. Dei som har funne det for stridt å halda fram, har kome under radaren min.

2.8 Etiske refleksjonar

Retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi, utarbeidd av Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH), set som eit krav å gjera greie for korleis eigne handlingar kan påverka val av tema, datakjelder og tolkingar. Det har eg gjort med å gjera greie for eigne erfaringar med, og haldningar til, temaet netthets. Å vera upartisk er eit krav i retningslinjene. Men dei tar samtidig høgd for at innleving og fortolking er nødvendige element i forskingsprosessen, og at det kan opna for forskjellige tolkingar av dei same forholda. Det betyr ikkje at ein er fritatt frå kravet om å unngå oppfatningar som ikkje kan grunnvinst eller argumentera klart og samanhengande. Å vera rettskaffen og open for at ein kan gjera feil, er òg eit krav (Retningslinjer – NESH 2006, s. 8).

Punkt ni i retningslinjene slår fast at forskingsprosjekt bare kan setjast i gang når deltakarane har gitt eit fritt og informert samtykke (Retningslinjer – NESH 2006, s. 13). Alle kvinnene eg har intervjuet, har skrivne under på eit samtykkeskjema. Skjemaet gjer greie for føremålet med prosjektet og gjer det klart at informantane kan trekkja seg når som helst – utan å gi nokon grunn for det. I samtykkeskjemaet kjem det dessutan fram at innsamla opplysningar vil bli anonymiserte og at lydopptak vil bli sletta når prosjektet er avslutta (Retningslinjer – NESH 2006, s. 12). Vidare blir det opplyst i skjemaet at prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

I eit lite miljø kan informantar fort bli kjende igjen av andre i miljøet (Riis 2005, s. 211). I empirikapittelet er eg derfor forsiktig med å gi opplysningar som kan auka risikoen for at identiteten til intervjuobjekta kan bli avslørt. Ein del av opplysningane eg har henta inn er av sensitiv art, og då er det særleg viktig å vera forsiktig med presentasjonen (Malterud 2011, s. 201). Eg har ikkje oppgitt alderen på kvar enkelt informant, og eg har styrt unna dialektuttrykk i sitat (Malterud 2011, s. 205). Når eg har oppgitt kva yrke informantane har, så har eg passa på å ikkje vera for spesifikk. Det eg har oppgitt av persondata, er dessutan skilt frå resten av teksten i empirikapittelet (Malterud 2011, s. 205).

Ein intervjusituasjon kan generera psykisk uro hos den som blir intervjuet (Malterud 2011, s. 203). Det kan opplevast som nedverdiggande å skulla bli observert eller tolka av andre (Retningslinjer – NESH 2006, s. 11). Men om intervjuaren har respekt for grensene til intervjuobjektet, kan ein i regelen stola på at folk greier å ivareta den indre balansen sin (Malterud 2011, s. 203). Eg passa på at eg ikkje pressa eller invaderte intervjuobjekta på noko vis (Malterud 2011, s. 202).

2.9 Analyse i lys av teori

Som nemnt i innleiinga er oppgåva empirisk informert og etisk orientert. I artikkelen *Normative evaluations in theological ethics* spør Paul Leer-Salvesen korleis det er mogleg å bruka feltarbeid, intervju eller spørjeskjema i etisk forskning – som grunnlag for å trekkja normative konklusjonar. Har ikkje Hume sagt at ein ikkje skal hoppa frå *er* til *bør* (Leer-Salvesen 2001, s. 67)? Det er i *Treatise of Human Nature* (1749) at David Hume poengterer at forfattern av moralfilosofiske verk altfor ofte går frå å påvisa at noko *er* på ein bestemt måte, til å konkludera med at det *bør* vera på ein bestemt måte. Poenget til Hume er at denne overgangen ikkje kan finna stad utan at forfattern gir eit argument for det (Christensen 2008, s. 28). I det 20. hundreåret utvikla denne påminninga seg til å bli eit absolutt skilje mellom *er* og *bør*. Til grunn for skiljet ligg ei oppfatning om at verken naturvitskapen eller andre objektive skildringar av verda kan utgjera grunnlaget for eit moralsk system (Christensen 2008, s. 29). Prinsippet blir kalla den naturalistiske feilslutninga.

Leer-Salvesen minner om at Hume aldri meinte å gi ei generell åtvaring mot å bruka empirisk materiale i etiske diskusjonar. Det han ville ha fram, poengterer Leer-Salvesen, er at studiar i etikk er annleis enn studiar i naturvitskap. I studiar i etikk held det ikkje å bruka den praktiske

fornufta. Her trengst etiske teoriar (Leer-Salvesen 2011, s. 68). Thomas A. Lewis seier det slik: For å gå frå skildrande til normative påstandar, treng me eit tilleggsargument. Skal empiriske studiar kunna brukast i normative refleksjonar, så må det forklarast korleis det kan skje. Undersøkinga må rammast inn med teoretiske ressursar (Lewis 2010, s. 399-401). Etikk er ein av disiplinane der grunnlaget for akseptera eller avvisa handlingar, verdiar eller dydar blir systematisk undersøkt (Schmidt 2010, s. 37). Ved å bruka etiske teoriar som rettesnor er det derfor mogleg for forskaren, i tillegg til å identifisera eit sosialt problem, å følgja opp med normative utsegn og forslag til løysingar på problemet (Riis 2011, s.127).

Denne undersøkinga handlar om å forstå netthets i perspektivet til dei som har opplevd hetsen. Men om eg skal gå frå å skildra netthetsen til å konkludera med at netthets ikkje bør førekoma, altså å gå frå *er* til *bør*, vil eg trengja eit etisk rammeverk. Det etiske rammeverket eg tar i bruk i analysekapittelet, finn eg hos Helge Svare, Martha C. Nussbaum og Axel Honneth. For Nussbaum er det potensialet vårt for å fungera og blomstra som har etisk betydning. Urettferda ligg i avgrensinga av dette potensialet (Schlosberg 2012, s. 166). Hos Honneth ligg urettferda i faktorar som måtte truga sjølvrealisering mogleggjort gjennom kommunikasjon (Honneth 2008, s. 180). Helge Svare tar føre seg truslane for den gode samtalen; mangel på både velvilje, openheit og samarbeid (Svare 2006, s. 7).

3. Empiri

I dette kapitlet presenterer eg funna frå undersøkinga. Først kjem ein liten presentasjon av informantane. Deretter gjer eg greie for *kva* kvinnene har opplevd og *korleis* dei har opplevd det. Hovudtyngda ligg på *korleis* dei har opplevd å bli netthetsa (3.5-3.14). Dei følgjande underkapitla utgjer svaret på dei to første spørsmåla i problemstillinga: *Korleis opplever kvinnelege samfunnsdebattantar å bli netthetsa? Kva gjer netthetsen med motivasjonen deira til å halda fram med å ytra seg?*

Her kjem eit kort samandrag over strukturen i kapitlet: Kvinnene har fått tjukkare hud og tar i hovudsak ikkje netthetsen personleg. Men det er ikkje alltid huda er like tjukk; alle informantane har opplevd negative kjensler i forbindelse med at dei er blitt netthetsa. Kjensler som ubehag, sinne og frykt gjer at hovudtyngda av informantane har sensurert seg sjølv som følgje av netthets. Dei er dessutan urolege for korleis det skal gå med den oppveksande generasjonen samfunnsdebattantar. Kvinnene kjenner seg forsøkt vippa av pinnen av menn som vil ha rangen, men dei har likevel motivasjonen til å halda fram med å ytra seg i behald.

3.1 Om informantane

Tre av kvinnene eg har intervjuar har kommentatorstillingar i aviser; to i riksaviser og éi i regionavis. To er fulltidspolitikarar; éi er på Stortinget mens ei anna er kommunalråd. Sistnemnde har dessutan sentrale verv i partiet sitt. Éi er bystyrerepresentant. Då intervjuet fann stad, var ho dessutan leiar i eit politisk ungdomsparti i sitt fylke. Éi er fylkesleiar i ein politisk uavhengig organisasjon, mens éi er skribent og føredragshaldar. Den eldste av informantane er i midten av 40-åra, mens den yngste er i starten av 20-åra. Bortsett frå den yngste, har alle mange års erfaring med å ytra seg i det offentlege.

Det varierer kor mykje netthets kvinnene mottar. Éi seier at ho får det ho kallar støy på e-post og på Facebook kvar dag. Men ho understrekar at mykje av dette ikkje er av alvorleg art. Derfor vel ho å kalla det støy i staden for hets.

Éi fortel at ho blir netthetsa cirka ein gong i veka i snitt. Oftast dukkar hetsen opp i kommentarfelta, har ho erfart. Éi uttrykkjer seg slik: «Eg synest at eg overraskande ofte får tilbakemeldingar frå folk som har leita opp e-postadresse og facebookprofil for å gi meg

tilbakemeldingar som ikkje toler lyset frå det offentlege.» «Det skjer ikkje så ofte», poengterer ei anna. Men ho har ikkje profil på Facebook, og ho er på Twitter under oppdikta namn. Éi seier at ho ser hets mot seg sjølv i kommentarfelta heile vegen.

3.2 Kvinnesak og innvandring er vepsebol

Alle informantane uttaler seg i retning av at debattinnlegg om kvinnesak genererer hets. «Kjønn er ekstremt betent», slår ei av dei fast. Halvparten trekkjer òg fram at innvandring og antirasisme er tema som triggar hetsarane. Dei to temaa går ofte hand i hand i kommentarfelt der hetsen tar overhand, har éi merka seg. Hetsarane synest å ha ei oppfatning av at feministar òg er forkjemparar for fri innvandring, har ho registrert.

Den som skriv om likestilling eller det fleirkulturelle Noreg, er fritt vilt, har éi merka seg. Alt ho skriv om likestilling genererer usaklege kommentarar, har ho erfart. Og e-postane slår gneister, kan ho fortelja. Ei tilsvarande erfaring har òg ei av dei andre kvinnene. Kvar gong ho har uttalt seg om likestilling, feminisme eller antirasisme, så har ho blitt hetsa. Éi skildrar kvinnesak som eit vepsebol. Kikkar ho inn i det, får ho vepsen mitt i fleisen.

Eit av intervjuobjekta har kvinnesak som sitt hovudengasjement. Ho opplever at aviser droppar å setja kommentarfelt under saker der ho har uttalt seg, fordi dei ender opp med å måtta stengja dei likevel. Og dei gongene kommentarfeltet er der, opplever ho at debatten stort sett alltid utartar til hets. Éi seier ho har venninner som opplever mykje hets fordi dei har vore i debattar der dei har drøfta kvinnesak. Éi seier at ho ikkje lenger bringar friske, feministiske ytringar til togs, fordi mengda av hat har eksplodert og at tonen i dei hetsande meldingane har blitt hardare.

3.3 Blir truga og trakasserte

Halvparten av informantane er blitt truga med drap, bank eller blitt oppmoda til å ta sitt eige liv. To av kvinnene er blitt drapstruga. Ei av desse har òg blitt truga med vald. Ho har sett oppmodingar om at folk burde banka henne. Den andre kvinna som er blitt drapstruga, er òg blitt truga med valdtekt fleire gonger. For dei andre informantane har ikkje truslane vore så alvorlege og direkte. Éi har opplevd å få ein valdstrussel med eit atterhald; hetsaren skreiv at

han ville ha banka henne om han hadde vore yngre. Ei anna blei ikkje truga i så måte, men oppmoda til å ta livet av seg.

Alle informantane har opplevd hets som går på utsjånad og intellekt. Å bli kalla stygg eller dum, er ein gjengangar. Fleirtalet har òg opplevd sjikane av seksuell karakter. Éi fortel at mange av tilbakemeldingane går på at ho er dum, kunnskapslaus og at ho burde få sparken. «Det er alltid noko om kor lite ein forstår», seier ei anna. Ho er blitt kalla både dum og naiv. Éi seier at ho får meldingar både om at ho er dum og at ho ikkje har greie på nokon ting. Ho har òg registrert argumentasjon som at «du er dum fordi alle feministar er dumme». Ho seier ho òg blir nedvurdert på meir subtile måtar, men der målet likevel er å få fram at det ho har skrive er eit makkverk.

«Du veit ikkje kva du snakkar om fordi du er dum i hovudet», har ei anna fått høyra. Ho har òg fått beskjed om at ho ikkje forstår noko som helst. To fortel at dei er blitt kalla idiot. Ei får høyra at ho er uintelligent og legg seg opp i saker ho ikkje har noko med. Éi fortel følgjande: «Folk har bitt seg fast i ein bitte liten del av heilskapen og gått laus på det i staden for tematikken. Målet er å visa at du er dum.»

Sju av informantane seier dei har opplevd hets som går på utsjånaden deira. Å bli skildra som stygg eller feit, er ein gjengangar. «Du er så stygg at ingen vil ha deg», har éi fått høyra. Ei anna har opplevd at det blei oppretta ei hatgruppe på Facebook for folk som ville hetsa henne på bakgrunn av utsjånad. Éi fortel at ho relativt ofte får hetsande meldingar der vekta hennar er tema. «Feit megge» er eit eksempel på kva ho har blitt kalla. Både ho og ei anna har fått kommentert storleiken på brysta sine. Fem har opplevd hets av seksuell karakter. Dei har blitt kalla hore eller fått usømelege meldingar. «Dei kan vera ganske grove innimellom», seier éi av kvinnene om meldingane ho får.

3.4 Får ein annan type hets enn menn

Seks av dei åtte kvinnene seier dei opplever det som påfallande at dei får ein annan type hets retta mot seg enn det menn gjer. Éi poengterer at det er forskjell på kva slags kommentarar ho får og kva kommentarar den mannlege kollegaen hennar, som sit i kontoret ved sida av, får. Éi anna uttaler seg på denne måten: «Me ser jo at menn får noko av det, men ikkje på langt nær det same og ikkje på same måten.»

Éi understrekar at menn òg blir hetsa på nettet. «Men eg har diskutert dette mykje med dei mannlege kollegaene mine, og det er ein forskjell», slår ho fast. Éi har drøfta saka med kjærasten, som driv med det same som henne sjølv. «Eg har absolutt ikkje inntrykk av at han opplever det same. Eg veit ikkje om det har med hans partimedlemskap å gjera eller om det er fordi han er mann», seier ho. Heller ikkje kompisane hennar blir hetsa på same måten som ho sjølv blir, har ho erfart.

To seier dei har merka seg at seksualisert hets ikkje rammar menn. At «dette skriv du bare fordi ingen vil liggja med deg», er ikkje ein type hets menn blir ramma av, poengterer ei av dei. Éi seier ho opplever at meldingane mot henne veldig fort kjem inn på kjønn og seksualitet. Ho kan ikkje sjå at det same skjer med menn.

3.5 Tar det ikkje personleg

Alle så nær som éin av informantane understrekar at dei ikkje tar hetsen personleg eller dveler ved vondsinna beskjedar dei måtte ha fått frå net troll. «Eg slettar det. Og då slettar eg det frå hovudet òg, i same slengen», seier ei av kvinnene. «Eg toler det», slår ei anna fast. Éi fortel at kommentarfelthets er lettast å oversjå. «Det ryk rett av meg. Eg hugsar det ikkje», fortel ho.

Ei anna seier at humøret nok kan søkkja litt om netthetsen kjem etter ein strid dag. Men ho understrekar at ho verken tar det særleg personleg eller lar det gå djupt inn. «Eg ristar det nok relativt fort av meg», seier ho. Ho fortel at ho synest det er viktig ikkje å tillegga hetsarane stor betydning. «Eg ser jo at dette ikkje bare skjer med meg», poengterer éi. Det er det ho står for, og ikkje den ho er, som gjer hetsarane oppøste, poengterer ho. Ei anna seier ho dveler lite med hetsande meldingar fordi ho er blitt så van med å få dei. «Ein kjem til eit punkt der ein sluttar å bry seg», seier ho. Det er ho ikkje aleine om å kjenna på. Fem av intervjuobjekta snakkar om at dei er vane med å ta imot netthets.

Å le av hetsen, eller å gjera hetsaren stakkarsleg, er strategiar eit par av dei seier at dei tar i bruk for å hindra at dei vondsinna meldingane får bita seg fast. «Mangel på skriftleg framstillingsevne gjer jo at det er enklare å le av det», seier éi. Det er dessutan lettare å le av hetsen når ho fortel andre om meldingane ho har fått, enn om ho bare held dei for seg sjølv, har ho erfart. Éi seier at ho tar printscreen av hetsande meldingar, slik at venner skal få sjå dei. «Så ler me av det. Det er ein forsvarsmekanisme som fungerer hos meg», seier ho. Ho fortel

at ho prøver å gjera hetsaren stakkarsleg i sitt eige hovud. «Det har eigentleg fungert ganske bra for meg. For då blir det ufarleggjort», seier ho.

3.6 Får tjukkare hud

At det er lettare å takla netthets når ein er van med det, er ei erfaring seks av debattantane har gjort seg. Dei fleste av desse bruker uttrykk som at dei er blitt herda, eller har fått tjukkare hud. «Eg har fått ein ganske tjukk hud», seier éi. Ho fortel at den tjukke huda gjer at netthetsen prellar av. Ho toler mykje meir enn før. «Dessutan ser ein jo at det ikkje er så farleg», legg ho til.

«Du blir meir robust», seier ei anna. «På ein eller annan måte blir ein van med det. Du blir ikkje van med det på den måten... Jau, ein blir faktisk det. Ein blir van med det», fortel ho og legg til: «Det er lettare å handtera den slags når det kjem for 50. gong enn for første gong.» Éi fortel at ho blei herda veldig fort. Gjennom at ho tok på seg eit leiarverv, blei ho plassert midt i stormen, som ho uttrykker det. Ho lærte seg fort å ikkje ta utrivelege meldingar personleg. For ei av dei andre tok herdingsprosessen lengre tid. «Det tok kanskje nesten ti år før eg følte meg ordentleg komfortabel», røper ho.

Éi seier det slik: «Eg trur aldri eg vil lesa ei hatmelding mot meg sjølv og ta det heilt med eit skuldertrekk. Men eg har ei erfaring nå og eit perspektiv som gjer at eg ikkje... Eg tar det ikkje særleg personleg, og det øydelegg ikkje dagen min.» Ei av dei som seier ho er blitt meir tjukkhuda, uroar seg litt for at huda kanskje er blitt i det hardaste laget. «Eg har lyst å tola all verdas, men eg har ikkje lyst å bli eit menneske som alt prellar av på», seier ho. For å vera ein god og empatisk kommentator, må ein vera litt sårbar sjølv òg, meiner ho.

3.7 Blir opplevd som ubehageleg

Sjølv om dei fleste har fått hardare hud og i hovudregelen ikkje tar netthetsen personleg, så har alle kvinnene eg har intervjuar opplevd negative kjensler i forbindelse med at dei er blitt netthetsa. Dei som seier at dei er blitt tjukkhuda, har òg hatt opplevingar av å vera sårbare.

«Ubehageleg» er eit ord sju av kvinnene brukar for å skildra korleis det kjennest dei gongene hetsen ikkje prellar av. «Først tenkte eg at dette er heilt vanleg. Så lukka eg e-posten, og så

kjende eg på at dette var faktisk ikkje greitt. Det var ubehageleg», seier ei av kvinnene om ei oppleving ho har hatt. I eit anna tilfelle kom ubehaget først, for så å bli avløyst av sinne.

Ei av dei andre seier det slik: «Det er ikkje farleg, men ubehageleg, tull og fjas.» Det ho opplever som mest ubehageleg, er dei hetsande meldingane ho får i lukka kanalar, for eksempel på e-post, og som ingen andre ser. «Det er jo litt ubehageleg», seier éi. Mest ubehag kjenner ho når ho blir truga. Ikkje bare har ho blitt truga med bank, ho har òg fått drapstruslar. Éi fortel at ho har fått ganske mange ubehagelege meldingar. Aller mest ubehag kjenner ho når nokon har søkt opp facebookside hennar eller e-postadressa. Då kjennest hetsen meir personleg enn om han er å finna i kommentarfeltet under ei sak i ei nettavis.

«Å få ein sånn reaksjon, nei, det syntest eg var ganske ubehageleg», fortel ei av kvinnene. Ho opplevde dei første hetsande meldingane ho fekk, som verst. Den første ulidande responsen ho fekk, opplevde ho som eit slag i magen. Ho hugsar òg at ho hadde ei kjensle av å vera uvel resten av dagen. Mest ubehag kjenner ho når ho får respons som går på utsjånad og seksualitet. «Ubehageleg og ekkelt», meiner ho om slike tilbakemeldingar. «Det har vore ein støkk og eit døgn ubehag her og der», fortel ho. Frykteleg ekkelt synest ho det var den gongen ho fekk beskjed om at ho burde fjerna seg frå verda. Då blei ho litt skjelven, og det sat i kroppen ei tid. Nå går dei ubehagelege kjenslene raskare over.

Med netthetsen kjem ei kjensle av å vera ukomfortabel, fortel eitt av intervjuobjekta. Ho skildrar kjensla som å bli mobba i skulegarden, eller bli stukken med passar av ein av dei urolege gutane i klassen. Før kunne ubehaget sitja i ei stund – i fleire dagar. Men nå varer det toppen ein time, erfarer ho.

3.8 Skapar sinne, frykt og sårar

Alle informantane har blitt anten skræmde (5), såra (6) eller sinte (5) av netthets. Mange har kjent på fleire av desse kjenslene. «Det er klart at det er sårande», seier ei av kvinnene. Seks av dei snakkar om at dei har blitt såra eller leie seg på grunn av netthets. «Eg blir lei meg på ein litt sånn sjølvhatande måte», seier éi. Ho fortel at ho kan bli sitjande igjen med ei kjensle av at ho bare burde ha halde kjeft. Og det sårar når ho i utgangspunktet har vurdert det ho har skrive som viktig nok, godt nok skrive eller morosamt nok til at det kan publiserast.

Ei anna fortel at ho ved eit tilfelle sat og gret på eit stille rom på jobben. «Men det hadde med mengda å gjera, det var hundrevis av e-postar», seier ho. Ho fortel at opplevinga den gongen gjorde henne skjelve, og at det sat i i fleire dagar. Éi seier at ho er blitt ganske god til å takla all kritikk som er usakleg. «Men ennå kan ein få kritikk som sårar på eit vis», seier ho.

Frykt seier fem av kvinnene at dei har opplevd som følgje av å bli hetsa på nettet. «Ja, eg har blitt redd. Men eg har lært meg at ein ikkje skal bli redd for ting som ikkje er farlege. Og veldig sjeldan er det farleg. Det er farlegare å vera trafikant enn samfunnsdebattant», seier éi. Éi merka at ho kikka seg litt ekstra rundt etter at ho hadde fått ein e-post frå ein kar som gav uttrykk for at han godt kunne tenkt seg å gi henne bank. «Ein føler seg jo litt utrygg», seier ei anna – om kjensla ho får når ho blir drapstruga. «Sjølv om ein veit at det ikkje er så mykje å vera redd for», legg ho til. Men ho erkjenner at ho ser seg litt ekstra over akslene i perioden etter at nokon har truga med å drepa henne. Éi seier at hetsen kan, om ho har ein dårleg dag, gi henne ei kjensle av at ho må passa seg. «Eg var mykje meir redd og skræmd før», poengterer ei anna.

Like mange som har opplevd frykt, seier at dei har blitt sinte av å oppleva netthets. «Ja, eg kan bli sint, fordi eg synest det er ufint, urimeleg og urettferdig», seier ei av kvinnene. Éi seier ho har blitt kjempesint. Ho synest det er provoserande at nokon føler at dei har ein rett til å hetsa andre fordi dei seier kva dei meiner. Så provosert kan ho bli at ho begynner å diskutera med hetsaren, og ho har opplevd at det kan vera vanskeleg å avslutta diskusjonen.

«Det er jo bare å koma seg unna», seier ei anna. Ho kan òg bli sint og kjenna på kamplyst, men ho finn det ikkje bryet verd å ta på seg slåsthanskane. Éi seier at ho blir sint på vegner av yngre kvinner, som kanskje blir skræmda frå å delta i debatten når dei ser kva slags respons dei kan venta seg. Å bli prikka på over lengre tid, utløyste eit veldig sinne hos eitt av intervjuobjekta. Ho fekk ei kjensle av at ho ville eksplodera av sinne, noko ho opplevde som ubehageleg. Ei anna av kvinnene seier at ho oftare blir sint enn lei seg av netthets. Ho trur det er viktig å reagera på netthets med sinne. Når ho blir sint, grev ho seg iallfall ikkje ned og tenkjer at hetsaren har rett.

3.9 Rammar sjølvkjensla

Men seks av informantane har opplevd at netthetsen *har* gått på sjølvkjensla laus. Éi trekkjer fram tilbakemeldingar som «du burde bare ha halde kjeft» og «du har ingenting å seia» som

dei som går mest utover sjølvtiliten. «Eg blir stressa, lei meg og usikker», seier ho. Verst er det å hetsa på lunefulle, indirekte måtar, synest ho. Ho opplever at namn og rykte står på spel på ein anna måte då, enn når ho beint ut blir kalla hore.

«Alle dagar er ein ikkje like tøff», fortel éi. At det kjem veldig an på dagsforma, kan ei av dei andre òg stadfesta. Men det er spesielt om kvelden at ho står i fare for å begynna å lura på om hetsaren kanskje har eit poeng. «Alle kjensler blir jo forsterka på slutten av ein dag», seier ho. Ei av dei andre seier det slik: «Når huda er litt tynn, kan du ta det inn og tenkja at folk har rett, ikkje sant?» Ho legg til: «Ei blir ramma i personlegdomen, på ein måte.»

At ho inst inne veit kva som står i kommentarfelta, er grunnen til at ei anna av kvinnene i hovudregelen ikkje les det som står i desse. «Det er jo fordi det rammar sjølvtiliten din», seier ho. Ho seier at det er kommentarane som handlar om kropp og seksualitet, som rammar sjølvkjensla hardest. Tre av dei andre understrekar òg at hets skræmer dei vekk frå kommentarfeltet. «Eg les aldri kommentarfelt», seier éi. Ho les ikkje kommentarar under saker der andre har uttalt seg heller. Er ho einig, gjeld dei sviande meldingane henne òg, veit ho. «Du treng ikkje høyra det direkte til deg sjølv før du skjønar at her er det gitt ein beskjed», seier ho. Éi seier det på denne måten: «Eg pleier ikkje å saumfara kommentarfelta under eigne utspel, ganske bevisst.»

«Me er bare menneske», understrekar éi. Ho har inntrykk av at mange trur samfunnsdebattantar er stinne av sjølvtilitt, sidan dei lanserer meiningane sine utan blygsel. «Det eksisterer ikkje som ei moglegheit ein gong, at me òg er menneske og er sårbare», seier ho. Heller ikkje dei mest garva samfunnsdebattantane kjenner seg om verdsmeistrar, har ho inntrykk av. «Ein har jo sine kompleks og ting», poengterer ho. Å bli kalla stygg, trur ho ikkje nokon kan vera heilt upåverka av.

3.10 Utgjer ei belastning

Alle så nær som ein av informantane klagar på at netthets utgjer ei form for belastning. Hetsen blir opplevd som ein tidstjuv, som slitsam eller beint ut øydeleggjande for livskvaliteten. «Det er eit hinder, for det stel tid og merksemd», seier éi. Ho skildrar det som at kvardagen stoppar litt opp. Ein heil kveld kan bli øydelagd, fortel ho. Ho opplever òg at hetsarar bryt grensa for kva loven tillét, og då må ho bruka tid på å varsle politiet. «Skal ein melda det må ein jo oppsøkje politistasjonen, og det tar tid», seier ho. Ho fortel at ho ofte

diskuterer med seg sjølv om ho skal bruka dagen sin på å gå og melda hetsaren, eller om ho skal gjera noko anna. Som regel tar ho seg den tida det tar, for ho synest det er viktig at politiet får beskjed.

Éi seier at det er når ho begynner å tenkja at nettrolla har rett, at hetsen får konsekvensar for arbeidsflyten. Både konsentrasjonen og effektiviteten blir påverka når det skjer, veit ho. Nokon emne går det ikkje an å tøysa med ein gong, før nokon blir veldig sinte. Det har ei av kvinnene merka seg. «Og det er veldig slitsamt», seier ho. Ho opplever at hetsen stel krefter frå henne, krefter ho treng til andre oppgåver. «Mitt liv er ikkje slik at eg har tid å liggja vaken og uroa meg for idiotar», seier ho.

«Klart det gjer noko med livskvaliteten din å bli drapstruga. I ein periode der, så gjer det jo det», seier ei anna. Éi seier at ein heil kveld kan gå med på å diskutera med netthetsaren. Ho kan halda på heilt til sambuaren grip inn og ber henne stoppa. «Det er summen som gjer at det er belastande», seier ei anna.

3.11 Fører til sjølvensur

Sensurert seg sjølv erkjenner seks av kvinnene at dei har gjort som følgje av netthets.

Sensuren har arta seg slik at dei har nølt med, utsett, eller late vera å skriva noko. «Eg har sensurert og moderert meg sjølv fordi eg ikkje har orka», seier ei. Ho fortel at ho har hatt halvskrivne artiklar som ho bare har lagt vekk, i frykt for slitsame reaksjonar. Det er ho ikkje stolt over å måtta innrømme. Ideelt sett skulle ho gjerne vore ein skribent som torde å ytra seg friskt om alle moglege tema.

Éi fortel at ho, på grunn av frykt for netthets, kan utsetja å skriva eit innlegg ho har lyst å skriva. Ho kan òg takka nei til å koma i eit radio- eller tv-studio, om ho til dømes skal i eit sosialt lag seinare same dagen og ikkje har lyst å få dagen spolert av hatmeldingar. Å utsetja å skriva noko, har eit av dei andre intervjuobjekta òg erfaring med. Ho går med ein idé til ein kronikk ho har lyst å skriva. Men sidan kronikken skal handla om noko som har å gjera med forskjellar på menn og kvinner, veit ho at han kjem til å generera hets. «Den saka der nøler eg litt med å skriva», innrømmer ho og held fram: «Eg bare ser for meg dei neste to døgna. Eg gruer meg ikkje. Eg tenkjer at her kan det skrivast noko interessant. Men eg må undersøkja det ihel og eg må formulera meg så nøye.»

Ei av kvinnene seier ho moderer seg. Ho seier ho godt kunne tenkt seg å kalla Israel for ein apartheid-stat, men at ho ikkje gjer det fordi ho er redd for å bli hetsa. «Då bruker ein ordet *diskriminerande* i staden», seier ho. Ho synest ikkje at det nødvendigvis er negativt å halda seg sjølv litt i taumane, snarare tvert om. «Men det er dumt viss det avgrensar debatten», seier ho. To av intervjuobjekta seier at dei sensurerte seg sjølv då dei var yngre, men at dei ikkje gjer det lenger. «Men eg veit at i lange periodar, så gjorde eg det. Det var tema eg bevisst valde vekk», seier ei av dei.

3.12 Urolege for dei unge

Eit overveldande fleirtal (7) av informantane nemner at dei er urolege for den oppveksande generasjonen samfunnsdebattantar. Netthetsen er dårleg reklame for å uttala seg offentleg som kvinne, meiner éi. Det ho fryktar mest er ikkje at netthetsen skal ta motet frå dei som allereie deltar i samfunnsdebatten, men at vemmelege innlegg skal føra til at nokon ikkje ser syn på å ytra seg i det heile tatt.

«Dette er jo sånn folk ser før dei eventuelt tar del i ein debatt. Dei ser jo kva som skjer når damer uttaler seg. Det øydelegg for den offentlege samtalen», seier ei av kvinnene. At netthets kan gjera terskelen for å uttala seg i samfunnsdebatten høgare for kvinner enn for menn, synest ho er eit kjempeproblem. «Eg trur det kan bli opplevd som veldig skræmmande for dei som er heilt nye. Eg er redd for korleis det påverkar unge jenter», seier ei anna. Ho er livredd for at jenter som er yngre enn henne, skal sitja med ei oppfatning av at ein må takla å bli hetsa om ein vil driva med politikk. Ei seier det slik: «Eg tenkjer mykje på dei som ikkje gjer dette regelmessig, dei som skriv det eine, engasjerte lesarbrevet. Dei som er yngre enn meg, mindre erfarne og som vågar seg ut på dette.»

Ei av dei andre seier ho er redd hetsen skal ta frå unge jenter i politikken motivasjonen til å halda fram. Ho fryktar dei skal vegra seg for å søkja ei profilert rolle i det offentlege, slik ho sjølv har gjort, og det gjer henne både lei seg og sint. Ei anna er òg inne på at ho blir sint på vegner av dei unge. «Eg får lyst å passa på dei,» seier ho. Ho har ansvar for å rekruttera meldarar til avisa der ho jobbar, og ho erfarer at det er vanskelegare å rekruttera kvinnelege meldarar enn mannlege. Problemet er ikkje at kvinnene ikkje har meiningar, veit ho. Men ho trur mange vegrar seg fordi det verkar lite forlokkande å måtta tola å bli kalla stygg, tjukk eller eit hespetre. Ho kjenner dessutan fleire som har gitt seg fordi personfokuset blei for

slitsamt. Ei seier det slik: «Dei stakkars kidsa som veks opp nå, dei er jo vaksne opp med dette. Det vil visa seg etter kvart korleis dei reagerer på det, om dei bli tøffare og sterkare.»

3.13 Opplever at menn vil ha rangen

Mange av informantane seier dei har ei kjensle av at netthetsarane anten vil ha dei til å teia eller prøver å gi dei eit inntrykk av at dei ikkje burde ha den posisjonen dei har. Fleire trur hetsarane kjenner seg sett til sides i den offentlege debatten, til fordel for kvinner. Éi seier ho kan oppleva netthetsen som eit forsøk på å bli vippa av pinnen. Ei anna seier det slik: «Det er openbert noko som provoserer enormt – at damer deltar i offentleg debatt.» Ho har eit bestemt inntrykk av at hetsarane vil ha henne til å halda munn, og ho nøler ikkje med å karakterisera hetsen som kvinnehat.

Ei seier ho trur ein del netthetsarar opplever det som naturstridig at kvinner deltar i den offentlege diskursen, iallfall når dei sjølv ikkje får vera med. Dermed vil dei røva frå kvinnene posisjonen dei har fått – eller stole frå hetsaren sjølv. «Kan det vera at dei skulle ønskt dei var i ein posisjon der det *dei* meinte var interessant?» spør ei. Ho trur kanskje at Willy, som i e-post har fortalt henne at ho er dum i hovudet, godt kunne tenkt seg at regionavisa ringde for å få hans meining i staden for å sitera henne. Ho har erfart at menn kan oppleva det som provoserande at ei kvinne skal vera meiningsdannar. «Det er ein del som framleis meiner at du som kvinne ikkje skal stikka deg fram på same måten som ein mann gjer», seier ho. At det er reint kvinnehat som ligg til grunn, ser ho ikkje vekk ifrå.

«Det at du er kvinne der ute i det offentlege og meiner noko, bare det er provoserande for mange, openbert, same kva du meiner», seier éi. Ho trur hetsarane sit med ei kjensle av å vera undertrykte; at andre blir føretrekte føre dei. Relativt ofte får ho høyra at ho er kvotert inn i jobben. «Dei har ei oppleving av at kvinner blir hjelpte fram av systemet», seier ho om netthetsarane. Ho trur denne kjensla ofte er blitt forsterka av private forhold, som at dei har blitt avviste eller kanskje har vore gjennom ei barnefordelingssak som ikkje har gått deira veg. «Dei er sinte på kvinner», samanfattar ho. Ho får støtte frå ei av dei andre, som har eit inntrykk av at netthetsarane kjenner seg sette til sides og avmaskuliniserte.

For nokon er det kjensla av å føla seg overlegne som gjer at dei helst ser at kvinner ikkje ytrar seg offentleg, trur ei anna. «Dei har tilgang til kvinner som beundrar dei», seier ho. Ho ser føre seg at dei opplever at dei fortener denne beundringa, men at dei elles meiner at kvinner

skal halda munn. Nedvurderinga av kvinner, som denne gruppa driv med, er ein del av dagens patriarkalske struktur, slik ho ser det.

3.14 Har motivasjonen i behald

«Nei, ikkje i det heile tatt», svarer ei av kvinnene på spørsmålet om ho har vurdert å trekkja seg frå den offentlege debatten. Alle eg har intervjuja, seier dei har ambisjonar om å halda fram med å ytra seg. Ei uttaler seg slik: «Eg er veldig bevisst på at dette ikkje skal stoppa meg på noko vis.»

Grunnane til at dei har motivasjonen i behald, som er nemnd av fleire enn éin av samfunnsdebattantane, er følgjande:

- Dei vil ikkje la seg stoppa (5)
- Dei har gode støttespelarar (4)
- Dei får mange positive tilbakemeldingar òg, som veg opp for hetsen (4)
- Dei vil vera førebilete for yngre samfunnsdebattantar (3)
- Dei meiner dei må tola ein støyt (3)
- Dei liker jobben sin (2)
- Engasjementet er sterkare enn den eventuelle motløysa netthetsen måtte utløysa (2)

Éi seier det slik: «Engasjementet er på ein måte bare noko du har, som du ikkje kan la vera å bruka.» For henne er det uaktuelt ikkje å halda fram med å ytra seg. Ei av dei andre har erfart at motivasjonen hennar ikkje er usliteleg. Men nå kjenner ho ikkje at det buttar imot. Ho er opptatt av dei same sakene som ho var opptatt av då ho begynte å engasjera seg politisk. Ho merkar at engasjementet er sterkare enn motløysa vondsinna meldingar på nettet kan føra med seg. «Eg har noko å seia og eg vil at nokon skal høyra det», poengterer éi. Ho legg til: «Kvinner kan ikkje bare snakka om at me må bli høyrd og at me har ei stemme, utan å bruka henne.» Hadde ho ikkje hatt det sterke ønsket om å formidla noko i botn, hadde ho nok gitt seg som samfunnsdebattant for lenge sidan, poengterer ho.

Hetsen er eit teikn på at det ho held på med er viktig, meiner ei av kvinnene. Ingen kan hevda at likestillinga har gått for langt, og at ho heller bør finna andre område å engasjera seg på, så lenge kvinner blir hetsa når dei uttaler seg offentleg, meiner ho. Ei av dei andre kvinnene er

òg inne på at hetsen gjer det endå viktigare å halda fram. «Eg tenkjer at eg sviktar det eg arbeider for viss eg skal gi meg på grunn av den hetsen», seier ho. Eit av intervjuobjekta poengterer at det er viktig å halda fram med å ytra seg for å motarbeida netthetsarane. «Min måte å gjera det på er å ikkje teia, men halda fram med å stilla på tv og stilla i debattar, sjølv om eg ikkje har lyst», seier ho.

All rosen dei òg får, motiverer fleire av kvinnene til ikkje å gi seg. Ei seier ho får lange e-postar med fine tilbakemeldingar om prosessar ho har sett i gang hos folk. «Det er ei fantastisk oppleving og det veg opp for all verdas kjefting frå folk ein ikkje ser ansiktet til», seier ho. Ho poengterer at ho får langt fleire hyggelege enn hetsande meldingar. Ei av dei andre uttaler seg omtrent på same måten: «Ein får så mange ekstremt positive meldingar òg. Eg føler i aller høgaste grad at det veg opp for det negative, og at ein og annan smågalen kommentar i ei eller anna form ikkje betyr så mykje om ein les dei meldingane som er positive.»

Éi fortel om ein gong det hadde vore ein viss temperatur i eit kommentarfelt. Uavhengig av kvarandre skreiv fire lesarar hyggelege e-postar til henne der dei skrøyte av henne og sa at ho ikkje måtte bry seg om det som stod der. «Sånne ting synest eg er heilt nydeleg», seier ho. For nokon er støtta dei får frå folk rundt seg, avgjerande. «Det som gjer at eg held ut, er at eg har gode støttespelarar», seier ei. Ei seier at ho har kontakta eldre venninner når ho har opplevd netthets, venninner som har uttalt seg offentleg over lengre tid enn ho sjølv har. «Det har fungert veldig bra for meg, for då har ein blitt klar over at ein ikkje er aleine om det. Det er dessverre eit ganske vanleg fenomen», seier ho. Ho fortel òg om ein gong ho fekk støtte frå ein kompis i eit kommentarfelt der responsen hadde utarta til hets. «Det som er med kommentarfelta, er jo ofte det at dei verkar veldig samstemde. Ein er like gruvsam i alle sine auge i kommentarfeltet. Og då er det jo greitt at nokon hjelper», seier ho.

Det er støtta frå organisasjonen som gjer at ei av dei andre held fram med å seia kva ho meiner i det offentlege. Hadde ho ikkje hatt denne støtta, hadde stemma hennar i debatten nok vore spakare, er ho redd. «Me tar godt vare på kvarandre», seier ho. Ei anna seier det slik: «Eg har eit sterkt apparat rundt meg. (...) Eg har heilt andre moglegheiter til å tala mi sak og få støtte enn desse folka her har. (...) Eg har alltid følt meg mykje sterkare enn dei.»

Ønsket om å vera eit godt førebilete for yngre engasjerte jenter, er òg ei drivkraft for fleire av informantane. «Det er viktig at me er der», har éi tenkt. Synlege, kvinnelege kommentatorar er gode rollemodellar for yngre jenter, meiner ho. Ei anna seier det slik: «Eg prøver å vera eit

godt førebilete – ikkje teia og stilla opp der eg kan. Og viss eg ikkje kan, føreslår eg nesten alltid nokon andre kvinner til oppgåva, sjølv om dei er i konkurrerande medium.» Å stå i det og ta støyten må til om ein forventar at yngre kvinner skal gjera det same. Det poengterer eit av intervjuobjekta: «Då eg var yngre, ung feminist, så var det greitt å ha nokon eldre, kvinnelege førebilete. Så eg prøver å vera det for ein del unge jenter.»

Gleda over å ha ein gild jobb veg òg opp for ein verbal kilevink her og der, ifølgje eit par av informantane. «Eg har den beste jobben i verda», seier éi. «Eg liker å skriva», seier ei anna og legg til: «Det er for mykje å mista å gi det opp.» Ho fortel at ho har hatt mange kjedelege jobbar i livet og lar det koma fram at ho ikkje ser syn på å gå tilbake til eit arbeid av den sorten.

Tre av informantane seier dei synest at ein samfunnsdebattant må tola ein del. «Når ein er tydeleg i offentlegheita, så må ein tola motbør. Ein må tola at nokon er irriterte eller sinte, eller til og med hatar deg eller meiningane dine. Det er heilt greitt det», seier éi. Ho før støtte frå ei av dei andre, som slår fast at samfunnsdebatten er barsk: «Du får høyra det dersom du seier noko dumt eller folk er ueinige med deg. Sånn skal det vera.» Ei anna uttrykker seg slik: «Eg har ei avis der eg kan få meiningane mine på trykk kvar dag. Det er ikkje alle som er så heldige. Då må eg tola litt ekstra.»

4. Teori

Fordi eg er interessert i å finna ut kva trussel netthets utgjer mot det gode liv, har eg sett meg ut moralfilosofiske teoriar bygd på nettopp ideen om det gode liv. Felles for Martha C. Nussbaum sin *The Capabilities Approach*, Axel Honneth sin teori om det å anerkjenna, er at dei har eit aristotelisk utgangspunkt. Nussbaum og Honneth har utforma teleologiske teoriar som dei begge byggjer på ei oppfatning av menneskelege verkemåtar (Schlosberg 2012, s. 167).

Helge Svare er òg influert av klassisk filosofi når han utviklar normene sine for den gode samtalen. Men han auser òg frå nyare filosofiske kjelder – så sant dei har noko å seia om dialogfilosofi. Den platonske dialogen har ei etisk side fordi han tar opp kva som er eit godt liv for den enkelte og kva som kjenneteiknar eit godt samfunn (Svare 2006, s. 248). Forstått som ein parallell til *det gode liv*, som kan definerast som livet i søken etter det gode (Henriksen 1997, s. 255), kan *den gode samtalen* definerast som samtalen i søken etter det gode.

Som nemnt i innleiinga, meiner eg at det er ressursar å henta til analysen hos både Svare, Nussbaum og Honneth. Eg kombinerer dei tre fordi dei utfyller kvarandre. Eg kan gi fylldigare svar på spørsmåla i problemstillinga ved å nytta tre teorietikarar i staden for ein eller to. I tillegg til teoriar om det gode liv og den gode samtalen, trekkjer eg dessutan inn Martha C. Nussbaum sin teori om å gjera nokon til objekt. Det gjer eg fordi det her òg finst ressursar som kan brukast i arbeidet med å finna svar på spørsmåla i problemstillinga.

4.1 Helge Svare og den gode samtalen

I boka *Den gode samtalen, kunsten å skape dialog* bruker Helge Svare *dialogen* og *den gode samtalen* som synonyme omgrep. Vidare i oppgåva kjem eg derfor til å nytta dei to omgrepa om kvarandre. Dialog er ifølgje Svare ein samtale mellom to eller fleire personar der ein har eit felles mål. Dialogen er prega av gjensidig velvilje, openheit og samarbeid (Svare 2006, s. 7). Dialogen kan vera skriftleg, og han kan vera offentleg (Svare 2006, s. 17).

I politikken dominerer dei verbale slåstkampane, har Svare merka seg (Svare 2006, s. 7). Ordet debatt har opphav i det latinske ordet *debattare*, som betyr å slå i frå seg, kjempa eller

nedkjempa. Det handlar ikkje bare om å forsvare eigen posisjon, men like mykje om å angripa og undergrava meiningane til dei andre (Svare 2006, s. 12). Debattanten har ein bodskap – og bryr seg lite om å få bodskapen utfordra eller justert. Det er om å gjera å erobra ordet i hard konkurranse (Svare 2006, s. 13). I den klassiske forståinga betyr ordet retorikk overtalingskunst. Målet er å overtala ein tilhøyrar i staden for å skapa felles refleksjon (Svare 2006, s. 14). Aggressiviteten som kan byggja seg opp, både skaper konflikhtar og gjer sitt til at dei blir bygde opp. Debattanten er som ein turist som ønskjer å omvenda folk på reisa si – i staden for å læra noko av dei (Svare 2006, s. 16).

Dialogen, derimot, er samarbeid. Målet er å skapa felles forståing eller heilt nye innsikter. Deltakaren i dialogen er som turisten som er open for å læra noko nytt på ferien (Svare 2006, s. 16). Dialogen er open, og deltakaren er innstilt på at noko uventa kan skje. Deltakaren i dialogen søker ikkje det trygge i sine egne meiningar, men ser på desse som sanningar som gjeld inntil vidare (Svare 2006, s. 15). Her er det ingen som søker makt eller er ute etter å vinna. Målet er at alle skal høyrast og koma styrkte ut. Dialogen opnar for forsoning og løysingar alle kan leva med (Svare 2006, s. 16).

4.1.1 Ideal for den gode samtalen

Svare listar opp ei rekkje ideal for dialogen, eller den gode samtalen. Desse er som følgjer:

- **Å lytta:** At nokon høyrer etter, er det som gjer det mogleg for dialogen å bli til. Ein samtale der alle snakkar og ingen høyrer etter, er eit kaos. Manglande evne til konsentrasjon, fordommar eller utålmodigheit er eksempel på kva som kan truga evna til å lytta (Svare 2006, s. 73-74).
- **Å opna for eiga og andre si innsikt:** Greier me å lytta, kan me få tilgang til ei større og rikare verkelegheit enn den me er i akkurat nå. Den me snakkar med, kan ha noko viktig å bidra med – noko me kan ha bruk for å vita. Me lyttar ikkje for å vera greie, men fordi me kan få utvida synsfeltet vårt og bli klokare. Sanningar er dialogiske – me kan ikkje avdekkja dei aleine (Svare 2006, s. 79-81).
- **Å stilla med relevante og kreative bidrag:** Eit kjenneteikn på eit relevant bidrag, er at det bringar noko nytt inn i samtalen. Det må dessutan presenterast på ein slik måte at dei som er med i dialogen, kan gjera seg nytte av det. Men nokon gonger kan ein ta

sjansen på å kasta fram noko som ein ikkje er sikker på om er relevant. Kreativitet kan bidra til at dialogen tar eit steg framover (Svare 2006, s. 83-85).

- **Å spela i lag:** Dominerande personar kan blokkera for viktige innspel og perspektiv. Å skapa samspel i ein dialog, krev gjensidig merksemd hos samtalepartnarane. Det gjeld å få fram det beste i dei andre, gjerne med ros og oppmuntring (Svare 2006, s. 85-87).
- **Å stilla spørsmål:** Den som stiller spørsmål opnar eit rom for andre, akkurat som den som lyttar gjer det. Spørsmålet krev ein respons. Ein person som har vore usynleg i samtalen, kan bli synleg igjen ved å stilla spørsmål. Eit spørsmål kan òg trekkja samtalen i ei ny retning. Ein må ikkje vera for ivrig i utspørjinga. Då kan samtalen få preg av eit forhøyr (Svare 2006, s. 88-90).
- **Å vera undrande:** For å få ny innsikt, er det viktig å ha evna til å stilla spørsmål som rettar merksemda mot plassar me ennå ikkje har vore og som ligg utanfor den verda me kjenner. Me må ha ei ikkje-vitande haldning: Det me heile tida har trudd, kan vera feil (Svare 2006, s. 92-93).
- **Å vera kritisk:** Som ein teaterkritikar må ein kunna skilja mellom det som er godt og dårleg, sterkt og svakt. Det kan vera nødvendig å spørja om påstanden som blir sett fram kan grunnigvast og om han er sterk eller svak. I dialogen er det å vera kritisk det same som å vera vaken og observant (Svare 2006, s. 96).
- **Å vera sosialt årvaken:** Det gjeld å ha eit auge for kva slags kjensler som rører seg hos dei andre deltakarane i dialogen. For å hindra kjensler i å bli øydeleggjande for dialogen, må dei takast tak i før dei får gjort for stor skade (Svare 2006, s. 96-97).
- **Å vera oppriktig:** Den som til ein kvar pris vil unngå å utfordra samtalepartnaren, hindrar at samtalen kan bli ei felles utforskning av sanninga. Ho eller han som startar ein dialog for å finna ut av noko, går ut ifrå at samtalepartnaren gir eit ærleg svar. Å lata som å tru på noko utan å gjera det, er brot på regelen om å vera ærleg – eit krav som blir vektlagt av mange filosofar som er opptatt av dialog og samtale (Svare 2006, s. 79-98).
- **Å vera høfleg, taktfull og respektfull:** Skal det å vera ærleg ha ein verdi, må det kombinerast med det å vera høfleg, taktfull og respektfull, poengterer Helge Svare. Han hentar støtte frå den kanadiske filosofen Mark Kingwell når han argumenterer for at det kan vera klokt å vera litt tilbakehalden. Den taktfulle føler seg fram i verda og undersøker omgivnadene sine forsiktig. I dialogen kan den taktfulle la visse tema

liggja. Kritikkk vinklar han eller ho slik at den som blir kritisert, ikkje kjenner seg latterleggjort. Den taktfulle ser om samtalepartnaren har ein god dag og toler ein del – eller om samtalepartnaren kjenner seg svak og sårbar. Dette tar den taktfulle omsyn til. Den taktfulle jobbar for det ho eller han trur på, utan å sára. Å trø forsiktig kan hindra at dialogen bryt saman. Ein taktfull samtalepartnar kan derfor oppnå resultat som den taktlause kan sjå langt etter (Svare 2006, s. 101-105).

- **Å vera positiv:** Den positive ser etter det gode, det interessante eller det nyttige i alle innspel – òg der det kan sjå ut som om det ikkje er noko å henta. Dyrkaren av det positive som eit ideal, tar eit særleg ansvar for å finna og framheva det som er godt. Det samtalepartnaren seier, blir tolka i beste meining (Svare 2006, s. 107-109).
- **Å vera kjærleg og vennleg:** Svare siterer den brasilianske filosofen Paulo Freire, som meiner at dialog ikkje kan eksistera dersom det ikkje finst ein djup kjærleik hos dei som snakkar saman – ein kjærleik til verda og til menneska. Det er kanskje å krevja for mykje, meiner Svare. Han viser til den franske filosofen André Comte-Sponville når han understrekar at han godt kan bestemma seg for å vera både høfleg, taktfull og respektfull overfor naboen. Men å elska henne, det kan han ikkje bestemma seg for. Det er ikkje ei kjensle han kan tvinga fram. Sidan vennskap i filosofien blir rekna som ei eiga form for kjærleik, føreslår han i staden denne regelen: Forsøk å møte samtalepartnarane dine med den same vennskapelege haldninga som du møter vennene dine med (Svare 2006, s. 110)!
- **Å ha tru, håp og å vera audmjuk:** Når Svare understrekar at dialogen krev ei intens tru på mennesket, er det igjen Freire han siterer. Det dialogiske mennesket har ei tiltru til samtalepartnaren sjølv før møtet har funne stad. Det er nødvendig å tru og håpa at dialog er mogleg, for dialogen kan ikkje leva i ein atmosfære av håpløyse (Svare 2006, s. 111).
- **Å vera på karneval:** Ein dialog som verkar kaotisk, kan òg gi deltakarane innsikt. Den russiske filosofen Mikhail Bakhtin tenkjer seg dialogen som eit karneval. Her blir leiken og det spontane dyrka. Deltakarane går ut av rollene sine. Reglane som gjeld i det vanlege livet, blir sette til sides. Men alle deltakarane må vera med på leiken. Viss ikkje dei er det, blir karnevalet eit overgrep (Svare 2006, s. 112).

4.1.2 Truslar mot den gode samtalen

Svare listar òg opp truslar mot den gode samtalen, som for eksempel å ta personen i staden for saka (Svare 2006, s. 120) og å latterleggjera (Svare 2006, s. 127). Den førstnemnte strategien går ut på å retta merksemda mot personen som uttaler seg – i staden for å konsentrera seg om argumenta (Svare 2006, s. 120 og 121). Latterliggjerjing handlar om å setja samtalepartnaren i eit komisk lys. Hensikta er å audmjuka og nedvurdera den ein snakkar med (Svare 2006, s. 127). Det handlar om å ta motet frå samtalepartnaren, få henne til å kjenna seg liten og lite velkommen – og til sist få henne til å trekkja seg tilbake. Ved å bli latterleggjort kan folk bli støytte ut av den sosiale fellesskapen og dermed ut av samtalen (Svare 2006, s. 129).

Metodane som blir brukt for å få overtaket i ein samtale som har preg av ein kamp (Svare 2006, s. 140), kallar Svare for anti-dialogiske strategiar (Svare 2006, s. 115). Avleiing er eitt av dei: målet er å leia samtalen vekk frå eit sakleg nivå. Å styrkja eigen posisjon ved å angripa eller svekka truverdnet til den andre, er eit anna fellesstrekk (Svare 2006, s. 140).

4.1.3 Dialog og samfunnsutvikling

Å venta at den offentlege samtalen skal utvikla seg til ein fullverdig dialog, er nok å venta for mykje, meiner Svare. Han meiner heller ikkje at det er nødvendig at all kommunikasjon som føregår i det offentlege rommet, må vera dialogisk. Samtidig er han klar på at det er mykje å vinna på gjera den offentlege samtalen meir dialogisk. Dialogen kan styrkjast ved at dei som går inn den offentlege samtalen *ønskjer* å dyrka dialogen. Då kan samtalen bli eit fellesprosjekt og ikkje bare ein arena for sjølvutfolding, poengterer han (Svare 2006, s. 186).

Ingenting kan erstatta dialogen som ei samfunnsbyggjande kraft, veit Svare (Svare 2006, s. 272). Blant dei han siterer når han drøftar den offentlege samtalen, er John Stuart Mill. Ifølgje Mill skal dei som diskuterer offentleg vera ærlege, men òg litt tilbakehaldne. Ein skal tora å kritisera synspunktet til motparten, men utan å overdriva og å gå til personangrep. Den offentlege samtalen skal vera open og undersøkjande. Den ærlege må ikkje gløyma å vera omsynsfull. Då kan deltakarane nå målet – å utvikla ei betre forståing av ei sak (Svare 2006, s. 190).

I det politiske systemet til Platon er det leiarane som skal utvikla visdommen sin gjennom dialog. Men det går an å ta med seg den platoniske tankegangen inn i meir demokratiske

system, meiner Svare. Då blir budskapet at alle som skal delta i styringa av staten, alle myndige borgarar, må gå i dialog med kvarandre. Bare på den måten kan den visdomen som trengst for å styra samfunnet på ein god måte, utviklast (Svare 2006, s. 267).

Svare viser til Platon sitt verk *Staten*. Der tar dialogen opp både kva som er eit godt liv for den enkelte og kva som kjenneteiknar eit godt samfunn (Svare 2006, s. 248). Dialogfilosofien til Platon seier oss at det gode som me søkjer, bare kan avklarast gjennom ein felles samtale (Svare 2006, s. 268). Målet i den platonske dialogen er å koma på sporet av gode praksisar – både hos andre og seg sjølv (Svare 2006, s. 262). Dialogen, som er både hovud og hjarte i samfunnet, peikar ut retninga me skal bevega oss i (Svare 2006, s. 268). Når folk er i dialog med kvarandre, blir det forløyst krefter som gjer at eit nytt og betre samfunn kan oppstå. På denne måten får dialogen ei samfunnsendrande kraft, poengterer Svare (Svare 2006, s. 266).

I dei platonske dialogane blir dydar som mot, omsorg og ærlegdom diskutert. Samtidig er målet å verkeleggjera desse i sjølve dialogen. Deltakarane i dialogen skal ta vare på kvarandre, vera ærlege mot kvarandre og samarbeida engasjert (Svare 2006, s. 266). Bare då kan resultatet av dialogen bli tilfredsstillande. Arroganse, uærlegdom og fiendskap trugar tenkinga dialogen skal aktivera og innsikta tenkinga skal resultera i. Det bare er når menneske stiller spørsmål prega av velvilje og utan misunning at filosofisk erkjenning kan finna stad, veit Platon (Svare 2006, s. 268). Visdom er evna til å ta gode avgjerder på vegner av heilskapen. Denne visdommen, som samfunnet treng for å kunna fungera (Svare 2006, s. 268), kan bare utviklast gjennom dialog (Svare 2006, s. 267). Her er me inne på dei gamle grekarane sin idé om det gode liv. Tanken er at det gode liv vil blomstra fram i eit samfunn der menneska utviklar dei rette dydane. Ved å utvikla dyd blir den enkelte eit dugeleg medlem av samfunnet. Om dydane forvitrar, trugar det på sikt sjølve samfunnsordenen (Svare 2006, s. 248).

4.1.4 Dialog og personleg utvikling

I tillegg til aspektet som gjeld samfunnet, har samtalen personleg og eksistensiell betydning, understrekar Svare. Er det å bli eit sjølv er noko ein kan bli gjennom eige strev? spør han. Han svarer eit klart og tydeleg «nei». Føresetninga for å bli eit sjølv, og for å halda fram med å vera det, er å stå i eit dialogisk forhold til andre, hevdar han (Svare 2006, s. 42). Han viser til antikk idéhistorie; den aristoteliske tanken om at det å vera menneske ikkje er noko me er –

men noko me blir (Svare 2006, s. 41). Han siterer òg dialogfilosofen Martin Buber; bare ved å tre inn i ein relasjon utanfor seg sjølv, kan ein person bli eit fullt og heilt menneske (Svare 2006, s. 48).

Dialogen er ikkje ein luksus det går an å greia seg utan, veit Svare. Bryt dialogen saman, så bryt det menneskelege sjølvet saman. Det går ut over velværet vårt – og i siste instans eksistensen vår. Arroganse, forakt, audmjuking, latterleggjering og systematisk mobbing øydelegg dialogen – og rammar oss i vårt inste. Å ikkje bli møtt, anerkjent og respektert, kan opplevast som å bli knust. Over tid kan det gi langvarige skadar, som manglande sjølvtilitt, depresjon og svikt i livsviljen (Svare 2006, s. 57).

4.2 Martha C. Nussbaum og objektgjering

Å ta personen i staden for saka, er definert som ein antidialogisk strategi av Helge Svare. Å gjera nokon til eit objekt, må kunna seiast å vera eit eksempel på det. I artikkelen *Objectification and Internet Misogony* tar Martha C. Nussbaum føre seg objektgjering som ei form for stigmatisering (Nussbaum 2010, s. 73). Å objektgjera nokon vil seia å behandla henne som ein ting. Utgangspunktet for artikkelen er at ein stor del av hatytringane på nettet dreier seg om dette; menn som behandlar kvinner som objekt for bruk og misbruk (Nussbaum 2010, s. 68).

Nussbaum har lista opp sju former for objektgjering (Nussbaum 2010, s. 70):

- Å gjera nokon til instrument for eigne formål
- Å behandla nokon som om dei mangla autonomi og eigen vilje
- Å behandla nokon som om dei ikkje har mål og meining for det dei gjer
- Å behandla nokon som om dei like greitt kunne vore erstatta med eit anna objekt av same typen – eller av ein annan type
- Å behandla nokon som ein ting det er heilt greitt å øydeleggja
- Å behandla nokon som eit objekt nokon eig, og som kan kjøpast og seljast
- Å behandla nokon som om kjenslene eller erfaringane deira ikkje treng å takast omsyn til

Nussbaum supplerer med tre punkt til, som den feministiske filosofen Rae Langton har formulert (Nussbaum 2010, s. 71):

- Å redusera nokon til kropp eller kroppsdelar
- Å behandla nokon ut frå korleis dei ser ut
- Å behandla nokon som om dei mangla evna til å snakka

Objektgjering på nettet gir seg ofte utslag i at kvinner blir redusert til kroppsdelar eller blir behandla bare ut frå korleis dei ser ut, har Nussbaum merka seg (Nussbaum 2010, s. 71). Den som objektgjer nokon på nettet, set personen i ein hjelpelaus situasjon. Offeret blir påverka av hetsen i dagleglivet sitt (Nussbaum 2010, s. 72). Ho kan slita med å få dei vondsinna meldingane ut av hovudet, og dei kan hindra henne både i å få venner og jobbtilbod (Nussbaum 2010, s. 80). Men ho veit verken kor meldingane kjem frå eller korleis dei kan stoppast (Nussbaum 2010, s. 72).

Kva er det som skjer, spør Nussbaum, når ei kvinne blir gjort til objekt (Nussbaum 2010, s. 68)? Ho støttar seg på Nietzsche når ho svarer at folk som kjenner seg underlegne i forhold til andre, prøver å verdsetja seg sjølv ved å skapa ei verd der dei andre ikkje lenger er så suksessfulle (Nussbaum 2010, s. 69). Frå ei psykologisk undersøking hentar ho belegg for at skamkjensle kan utløysa ei kjensle av å vera underlegen. Slik skamkjensle, kopla med maskuline normer om kontroll, kan utløysa netthets, meiner ho (Nussbaum 2010, s. 69).

I artikkelen tar Nussbaum føre seg kvinnelege jusstudentar som er blitt netthetsa av mannlege klassekameratar. Ho ser ikkje vekk frå at mennene, fordi dei er usikre på om dei sjølv har noka framtid innan jussen, angrip kvinnene fordi dei vågar å konkurrera mot dei om karakterar, jobbar og praksisplassar (Nussbaum 2010, s. 80). Ved å føra skam over på andre, skaper netthetsarane eit trygt område rundt seg sjølv (Nussbaum 2010, s. 82). Netthets korrumpere samtaleklimaet på universitetsområda, konkluderer Nussbaum, og manar til innsats for å hindra at fenomenet får breia seg ut (Nussbaum 2010, s. 85).

I arbeidet sitt har Nussbaum fokusert mykje på manglande likestilling for kvinner. På mange område, og over heile verda, er det manglande likestilling mellom kjønna, poengterer Nussbaum, som ser dette som eit stort problem (Nussbaum 2011, s. 146). Stigmatisering er med på å forsterka synet på at nokon grupper av befolkninga ikkje er likestilte med andre (Nussbaum 2011, s. 148). Ho meiner det trengst meir forskning på kjenslene som hatytringar – som i sin tur fører til at grupper i samfunnet ikkje får utvikla verkemåtane sine (Nussbaum 2011, s. 182). I underkapittelet som følgjer, vil eg gjera greie for kva Nussbaum meiner med verkemåtar.

4.3 Martha C. Nussbaum og menneskeleg blomstring

Det gode liv for Martha C. Nussbaum, som er inspirert av både Aristoteles, John Stuart Mill, Immanuel Kant, Adam Smith og Karl Marx, er eit liv prega av menneskeleg blomstring og sjølvrealisering (Nussbaum 2011, s. 23). Menneskeleg verdigheit, og eit liv som kan fremja slik verdigheit, er viktige moment for Martha C. Nussbaum. Utgangspunktet hennar er at visse leveformer fremjar menneskeleg verdigheit, mens andre ikkje gjer det (Nussbaum 2011, s. 30). Modellen hennar går ut på å danna eit forsvar for levemåtane som fremjar menneskeleg verdigheit og blomstring (Nussbaum 2011, s. 31).

Grunntanken om at mennesket har lik og uendeleg verdi, hentar ho frå stoikarane (Nussbaum 2011, s. 130). Frå Aristoteles tar ho med seg tanken om at mennesket er sårbart (Nussbaum 2011, s. 127). Menneskeleg verdigheit er ikkje hard som stein, men sårbar som ein plante. Planten vil bukka under om klimaet blir for hardt (Nussbaum 2011, s. 135).

Basert på arbeid av økonomien Amartya Sen (Nussbaum 2002, s. 11) har Nussbaum lansert ein idé om menneskeleg trivsel, som utspeler seg i ideal for politisk handling (Christensen 2008, s. 200). Det aristoteliske omgrepet *eudaimonia* er ein viktig byggjestein (Christensen 2008, s. 201). Hos Aristoteles finn Nussbaum ei forlokkande kopling av teori og ei kjenslevar tilnærming til omstenda i menneskelivet (Nussbaum 1993, s. 243), og ho bruker denne for å etablere eit utgangspunkt for etisk undersøking: Handlingane våre skal vera retta mot menneskeleg blomstring (Christensen 2008, s. 92).

Når Nussbaum skal utvikla tenkinga si, tar ho utgangspunkt i to ytterpunkt. Det eine ytterpunktet er metafysisk realisme, der etikken eksisterer heilt uavhengig av menneskeleg erfaring. Det andre punktet er relativistisk anti-essensialisme, som avviser alle moglegheit for å peika ut felles verdiar i etikken (Christensen 2008, s. 92). Utan ein eller annan felles definisjon av kva som er det gode, svak eller sterk, har me ikkje noko grunnlag for å peika ut kva som manglar i liva til dei fattige eller marginaliserte, poengterer Nussbaum (Nussbaum 1992, s. 229). Utan essensialisme av ein eller annan sort, har me heller ikkje noko grunnlag å byggja medkjensle og respekt på. Desse kjenslene er absolutt nødvendige om me skal kunna leva saman på ein skikkeleg måte, veit ho (Nussbaum 1992, s. 205). Medkjensle krev at me anerkjenner ein felles menneskelegdom. Utan medkjensle har me ingen grunn for ikkje å vera

harde og tyranniske med dei som er svakare enn oss sjølv, poengterer Nussbaum (Nussbaum 1992, s. 238).

Sidan modellen hennar er politisk liberal, avstår Nussbaum frå å samanlikna og setja kulturelle verdiar opp mot kvarandre (Nussbaum 2011, s. 19). Modellen viser respekt for folk utan å spørja dei om å akseptera ei politisk doktrine, eit religiøst eller eit metafysisk synspunkt (Nussbaum 2011, s. 79). Men lista er ikkje kosmopolitisk, understrekar Nussbaum (Nussbaum 2011, s. 92). Ein treng ikkje vera kosmopolitt, forstått som å setja lojaliteten til menneskeheita føre lojaliteten til nasjon, religion og familie, for å omfamna *The Capabilities Approach* (Nussbaum 2011, s. 93). Modellen kan omfamnast av folk som har svært forskjellige syn på meininga med livet (Nussbaum 2011, s. 109) – over heile verda (Nussbaum 2011, s. 111).

4.3.1 Liste over verkemåtar

Spørsmålet Martha C. Nussbaum tar utgangspunkt i når ho utviklar ein versjon av empirisk essensialisme, som ho ankrar i historia, er som følgjer: Kva må vera på plass for at eit liv skal kunna kallast eit menneskeleg liv (Nussbaum 1992, s. 208)? Det ho ønskjer, er ei tilnærming som respekterer kvart enkelt menneske sitt ønske om å blomstra (Nussbaum 2000, s. 69). Nussbaum lagar to lister. Den første tar føre seg kva som formar menneskelivet. Aspekta er som følgjer (Nussbaum 1992, s. 116-220):

- Me er dødelege
- Me har kroppar
- Me kan oppleve smerte og glede
- Me kan tenkja og førestilla oss ting
- Me kjem til verda som babyar
- Me har praktisk fornuft
- Me knyter oss til andre
- Me står i forhold til naturen og andre artar
- Me kan le og leika
- Me har separat eksistens

Med utgangspunkt i denne lista går Nussbaum vidare til neste nivå. Ho lagar ei liste med spesifiserte potensial eller verkemåtar, *capabilities*, som samfunnet bør leggja til rette for at innbyggjarane kan utvikla (Nussbaum 1992, s. 221). Eit liv der verkemåtane kan utfalda seg, blir eit fullt ut menneskeleg liv. Derfor har verkemåtane ikkje bare instrumentell verdi – men verdi i seg sjølv (Nussbaum 2000, s.74). Lista er ikkje fastsett ein gong for alle, understrekar Nussbaum. Ho kan alltid setjast på prøve og redigerast. Ho er ikkje tidlaus, men meint for den moderne verda, poengterer ho (Nussbaum 2000, s. 77). Lista ser slik ut (Nussbaum 2011, s. 33):

- Å kunna leva eit langt liv
- Å kunna ha god helse
- Å kunna ha kroppsleg integritet
- Å kunna sansa, førestilla seg ting og tenkja fritt
- Å kunna knyta seg emosjonelt til ting og personar utanfor oss sjølv
- Å kunna bruka praktisk fornuft
- Å kunna leva for og med andre
- Å kunna ha omtanke for dyr og plantar
- Å kunna le, leika og engasjera seg i fritidsaktivitetar
- Å kunna ha kontroll over sitt eige miljø, politisk og materielt

Potensiala skal ikkje sjåast på som isolerte atom, men snarare som eit sett av moglegheiter som er i samspel med kvarandre (Nussbaum 2011, s. 98). Nussbaum peikar ut to av potensiala som spesielt viktige, det å kunna bruka den praktiske fornufta og å kunna leva med og for andre. Dei organiserer dei andre potensiala, understrekar Nussbaum (2000, s. 82).

Å bruka den praktiske fornufta si handlar om å kunna danna seg ei meining om det gode liv og å delta i kritisk refleksjon rundt planlegginga av sitt eige liv (Nussbaum 2011, s. 34). Ingen går gjennom livet utan å laga seg oppfatningar om kva som er rett og godt, om kva som har verdi og kva som ikkje har det. Folk har meiningar om dette og set dei ut i livet, ikkje minst når dei entrar den politiske arenaen (Nussbaum 2000, s. 300).

Den som må planleggja livet sitt utan å kunna gjera det i eit komplisert samspel med, og i diskusjon med andre, får ikkje realisert seg fullt og heilt som menneske (Nussbaum 2000, s. 82). Punktet på lista som handlar om å kunna bruka sansane og tenkja fritt, handlar òg om å

ytra seg. Her handlar det om å kunna tenkja fritt om tema innan politikk eller kunst – eller utøva religionen sin – beskytta av ytringsfridommen (Nussbaum 2011, s. 33).

Det siste punktet på lista, å kunna ha kontroll over omgivnadene sine, har to underpunkt. Eit handlar om materielle forhold, mens det andre tar føre seg det politiske. Her handlar det òg om å kunna delta i politiske prosessar, ytra seg og organisera seg heilt fritt (Nussbaum 2011, s. 34). Bare reelle moglegheiter til å kunna utfalda seg i politikken, og ytra seg offentleg, medfører verkeleg fridom til å utfalda seg, meiner Nussbaum (Malnes og Midgaard 2009, s. 325 og Nussbaum 2011, s. 22).

Både sosiale, politiske, familiære og økonomiske forhold kan hindra folk i å bruka potensiala eller verkemåtane sine (Nussbaum 2011, s.31). Nussbaum nemner diskriminering og marginalisering som slike hinder (Nussbaum 2011, s. 19). I fleire land risikerer kvinner å bli truga med vald om dei forlét heimen for å driva politikk – sjølv om dei kanskje har ein lovfesta rett til å gjera dette (Nussbaum 2000, s. 98). Nussbaum understrekar at verken kjønn, klasse eller rase bør vera til hinder for at folk får bruka potensiala sine (Nussbaum 2011, s. 115). Diskriminering må ikkje førekoma, verken på grunnlag av kjønn, rase, seksuell legning, religion eller nasjonalt opphav, poengterer Nussbaum.

Modellen til Nussbaum ser kvar enkelt person som eit mål (Nussbaum 2011, s. 18). Han botnar i tanken om at alle, i kraft av å vera menneske, har visse grunnleggjande rettar, og at det er samfunnet si oppgåve å respektera og å støtta opp om desse (Nussbaum 2011, s. 62). Å bli hindra i å bruka verkemåtane på lista, kan samanliknast med å vera i fengsel, poengterer Nussbaum (Nussbaum 2011, s. 31).

Den politikken som blir ført i eit samfunn, byggjer på intuisjonane og teoriane til mange personar. Kva for teoriar som skal takast vare på og vidareutviklast, blir bestemt på grunnlag av drøftingar. Om desse drøftingane ikkje finn stad, er det oftast meiningane til dei som er mektigast, eller best til å snakka for seg, som vinn fram. Dei som ikkje har makt, får sjeldan sjansen til å leggja sine synspunkt på bordet. Det er bare når me kjenner alle sidene av ei sak, at me kan vita om det er det beste alternativet me har valt (Nussbaum 2000, s. 300).

4.3.2 Handlingsrettleggning hos Nussbaum

Nussbaum framhevar at moralteori kan tilby måtar å testa moralske handlingsalternativ på (Christensen 2008, s. 84). Lista til Nussbaum er essensielt normativ; ho minner oss på kva me skal ta omsyn til i omgangen med andre (Christensen 2008, s. 94) og gir eit moralsk fundament for korleis me skal handla (Nussbaum 1995, s. 122).

Nussbaum poengterer at det er viktig å sjå på den historiske og sosiale konteksten til kvar enkelt person, for å undersøkje om her kan liggja hindringar i vegen for at den enkelte personen kan nytta potencialet sitt (Nussbaum 2011, s. 176). Forholda må leggjast til rette slik at folk ikkje blir audmjuka og mistar sjølvrespekten (Nussbaum 2011, s. 34), men blir behandla som verdige individ (Nussbaum 2000, s. 79).

Ho drar vekslar på ei aristotelisk forståing av styre og stell når ho understrekar at styresmaktene har eit ansvar for at innbyggjarane skal kunna realisera potenciale sine. Lista er meint som ei kjelde til utforming av politiske prinsipp for lovgiving. For å sikra at folk skal kunna *leva med og for andre*, må det leggjast til rette for at folk skal kunna organisera seg og koma med politiske ytringar (Nussbaum 2011, s. 33). Men, understrekar Nussbaum, det er i stor grad opp til innbyggjarane å sjå til at alle får moglegheita til å oppfylle potenciale sine (Nussbaum 2000, s. 105).

Om nokon dett utanfor, så må det sjåast på som både urettferdig og tragisk. Saka må takast tak i straks, sjølv om ting går greitt på andre område i samfunnslivet (Nussbaum 2000, s. 71). Ingen bør ha rett til å ta fundamentale rettar frå andre, understrekar Nussbaum (Nussbaum 2011, s. 83). Ansvaret ligg på oss alle; pliktene er etiske og treng ikkje festast til noko lovverk for å vera moralsk bindande (Nussbaum 2011, s. 167). Med lista til Nussbaum har altså det moralfilosofiske arbeidet fått ei fast ramme å gå ut frå (Christensen 2008, s. 93). Uavhengig av noko bestemt metafysisk system, ytrar potenciale i lista eit moralsk krav om at dei bør utviklast (Nussbaum 2000, s. 83). Det normative grunnlaget er ideen om at det eksisterer bestemte gode for mennesket (Christensen 2008, s. 94), uavhengig av kultur (Nussbaum 2000, s. 74).

Nussbaum understrekar at punkta på lista hennar er potensial eller mål. Styresmaktene bør leggja til rette for at innbyggjarane kan utvikla potenciale sine – om dei ønskjer det. Men derfrå er det opp til innbyggjarane å bestemma kursen for sitt eige liv (Nussbaum 2000, s. 87). Verkemåtane representerer ein slags fridom (Nussbaum 2011, s. 20).

4.4 Axel Honneth og sjølvrealisering

Axel Honneth byggjer kritisk teori på den normative forståinga av det gode. Han høyrer til blant teoretikarane som, ved å la seg influera av Aristoteles, Hegel og Heidegger, har sørgt for eit «etisk skifte» i kritisk teori (Kompridis 2004, s. 325). Moral er for Axel Honneth ein av fleire innretningar som gjer det mogleg å leva eit godt liv. Det gode liv for Honneth er sjølvrealisering – mogleggjort gjennom kommunikasjon (Honneth 2008, s. 180).

Individ blir konstituerte som personar bare når dei, gjennom tilslutning eller avvising frå andre, lærer å sjå på seg sjølv om vesen med bestemte eigenskapar og ferdigheiter. I dette perspektivet er moral totaliteten av dei intersubjektive føresetnadene som gjer at sjølvrealiseringa kan finna stad (Honneth 2008, s. 180 og 181). Moral er essensen av haldningane me er gjensidig forplikta til å leggja til oss for å sikra gode vekstvilkår for personleg integritet (Honneth 2007, s. 137). Rettferd kan i dette perspektivet forståast som det å få den omsorga og kjærleiken ein treng, blir anerkjent rettsleg og få den sosiale statusen ein fortener (van Hoof 2010, s. 44). Utan ein viss grad av sjølvtrillit, rettsleg garantert autonomi og tru på verdien av eigne ferdigheiter – og fråvær av angst, indre blokkeringar og psykiske hemingar – er det ikkje mogleg å lykkast med å realisera seg sjølv. Fridomen i sjølvrealiseringa er avhengig av føresetnader subjektet sjølv ikkje kan styra, men bare har tilgang til gjennom interaksjonspartnarane. Føresetnadene for vellukka sjølvrealisering er å bli anerkjent i vennskaps- eller kjærleiksforhold, rettsleg og solidarisk (Honneth 2008, s. 182).

Fordi Honneth ikkje bare ser på den moralske autonomien til mennesket, men på føresetnadene for å leva eit godt liv, skil han seg frå Kant (Honneth 2008, s. 180). Synsvinkelen er aristotelisk, i den forstand at han legg ei teleologisk forståing av moral til grunn (Honneth 2007, s. 137). Å bli sosialt inkludert og anerkjent som individ er nødvendig for å leva eit lykkeleg, menneskeleg liv (van Hoof 2010, s 46). Honneth forstår ikkje omgrepet «det gode» som verdioppfatningar som utgjer ein etos i konkrete, tradisjonelle fellesskap (Honneth 2008, s. 180). Snarare er han oppatt av å etablere ein abstrakt horisont av moralske verdiar som er open for forskjellige livsmål (Honneth 2008, s. 187), og han søker eit normativt grunnlag under overflata av historiske forandringar. Å bli anerkjent er ikkje bare eit menneskeleg behov, men ei transhistorisk og transkulturell normativ forventning (Kompridis 2004, s. 326). Men sidan det rettslege området og verdifellesskapet er opne for endringsprosessar som aukar graden av universalitet og egalitet, er dei intersubjektive føresetnadene for eit vellykka liv ein historisk variabel storleik (Honneth 2008, s. 183).

Honneth finn seg ein posisjon mellom kantiansk moralteori og kommitteraristisk etikk (Honneth 2008, s. 180 og 181). Etikk som er basert på å anerkjenna, har det til felles med kantiansk etikk at individuell autonomi skal ha absolutt prioritet i ein moralsk konflikt. Men det er ikkje plikt og disposisjonar som normalt konfronterer kvarandre, men snarare ulike krav av moralsk karakter (Honneth 2007, s. 141).

4.4.1 Byggjer på Hegel

Axel Honneth sin teori om anerkjenning byggjer på den unge Hegel, som nytolka Hobbes og Machiavelli sin sosialfilosofiske modell om ein «sosial kamp». Nytolkinga førte til at kampen ikkje lenger blei forstått som ein kamp basert på å halda liv i seg sjølv, men ein kamp basert på moralske drivkrefter (Honneth 2008, s. 13). Som ung filosofidosent var Hegel overtydd om at subjekta sin kamp for å bli gjensidig anerkjent er nedfelt i samfunnslivet som ein sosial kamp (Honneth 2008, s. 13). To partar som står overfor kvarandre i ein konflikt som er i emning, har som mål å overtyda den andre om sin eigen integritet. Det oppstår ein kamp om ære. Ære er ei haldning eit individ har til seg sjølv når det identifiserer seg med alle eigenskapane sine og eigenarten sin. Dette treng individet støtte til frå interaksjonspartnarane sine – om det fullt ut skal greia å identifisera seg med seg sjølv (Honneth 2008, s. 31).

Identiteten til den enkelte er avhengig av fellesskapet (Honneth 2008, s. 33). Den unge Hegel er påverka av den aristoteliske førestillinga om at menneskenaturen inneheld ein grunnvoll av sosiale relasjonar som kjem til sin rett i polis (Honneth 2008, s. 22). Hegel opererer med tre nivå der individet kan bli anerkjent; familien, retten og staten. I familien blir individet anerkjent som eit konkret vesen med behov. I retten blir det anerkjent som eit abstrakt rettssubjekt, og i staten blir det anerkjent som eit konkret, allment subjekt (Honneth 2008, s. 33-34). Til kvart nivå følgjer forhold av å bli anerkjent, som Hegel kallar « kjærleik », « rett » og « moral ».

Den sosiale konflikten har opphav i ei krenking (Honneth 2008, s. 31). Ein person som blir utsett for tjuveri, blir angripen og krenkt som person. Tjuveriet trugar identiteten til offeret. Den krenkjande handlinga kan skuldast at krenkjaren har behov for å gjera offentlegheita merksam på sin eigen integritet. Det indre motivet til forbrytaren, meiner Hegel, er nemleg ei erfaring av ikkje å vera tilstrekkeleg anerkjent (Honneth 2008, s. 29). Uansett, begge partar kjempar for heilskapen av den individuelle eksistensen sin (Honneth 2008, s. 31). I System

der Sittlichkeit (1802/03), som har ei aristotelisk referanseramme, blir kampen om å bli anerkjent forstått som eit medium for individualisering og auking av personleg kompetanse. Men Hegel går seinare vekk frå den aristoteliske referanseramma. Frå 1803/04 er ikkje lenger dei grunnleggjande relasjonsstrukturane i den kommunikative handlinga utgangspunktet for dei filosofiske undersøkingane hans (Honneth 2008, s. 37-38).

Dei tidlege skriftene til Hegel henta i stor grad føresetnadene sine frå ei metafysisk forståing av ein overordna fornuftsprosess. Då desse føresetnadene gradvis blei nedbygde til fordel for eit erfaringsnært fornuftsomgrep, mista filosofien til Hegel den metafysiske ryggdekninga si (Honneth 2008, s. 76). Honneth konstaterer at Hegel gav opp på halvvegen då han prøvde å rekonstruera oppbygginga av det moralske fellesskapet som ei trinnvis utvikling i kampen om å bli anerkjent (Honneth 2008, s. 37-38). Honneth aktualiserer det systematiske innhaldet i teorien til Hegel, men går vekk frå dei metafysiske premissa som Hegel legg til grunn (Honneth 2008, s. 75). Om han skal bruka Hegel sin modell som inspirasjon for ein normativ samfunnsteori, kan han ikkje nøya seg med eit spekulativt grunnlag, slår han fast (Honneth 2008, s. 77).

4.4.2 Postmetafysisk teorispråk hos Mead

Honneth bruker empirisk sosialpsykologi som utgangspunkt når han rekonstruerer tesen til Hegel (Honneth 2008, s. 77). Det postmetafysiske teorispråket han treng, finn han hos George Herbert Mead (Honneth 2008, s. 78). Mead tar utgangspunkt i naturalistiske premiss når han utviklar tanken om at identitet kjem av erfaringa av å bli gjensidig anerkjent (Honneth 2008, s. 79).

Tesen om at eit subjekt bare kan oppnå bevisstheit om seg sjølv i den grad det lærer å sjå sine egne handlingar ut frå det symbolske perspektivet til ein annan person, viser kva for ein psykisk mekanisme som gjer utviklinga av sjølvbevisstheita avhengig av eksistensen til eit anna subjekt (Honneth 2008, s. 83). Føresetnaden for at den enkelte skal kunna utvikla identiteten sin fullt ut, er at den samfunnsmessige heilskapen blir trekt inn i erfaringsområdet til det enkelte individet (Mead 1934 i Honnet 2008, s. 86).

Å vera medlem av fellesskapet, gir ein vørndnad (Mead 1934 i Honneth 2008, s. 87). Den positive innstillinga ein person kan ha til seg sjølv når han eller ho blir anerkjent som ein bestemt type person av det sosiale fellesskapet, kallar Mead for sjølvrespekt (Honneth 2008,

s.87). Som Hegel, skil Mead òg mellom tre former for å anerkjenna kvarandre. Ein person kan bli anerkjent emosjonelt, som i vennskap og kjærleiksforhold, rettsleg og solidarisk (Honneth 2008, s. 103).

Den som blir anerkjent i eit vennsks- eller kjærleiksforhold, poengterer Honneth, utviklar sjølvtilitt. Sjølvrespekt får den som blir anerkjent rettsleg, mens det å verdsetja seg sjølv følgjer med å bli solidarisk anerkjent. Når ein person tileignar seg sjølvtilitt og sjølvrespekt og verdset seg sjølv, i kumulativ rekkefølge, kan han eller ho forstå seg sjølv som eit autonomt vesen og identifisera seg med måla og ønska sine (Honneth 2008, s. 177).

4.4.3 Krenking og identitetskollaps

Samanhengen mellom det å bli anerkjent og individualisering avslører eit sårbart punkt hos mennesket. Å krenkja nokon handlar ikkje om å ta frå nokon handlefridomen, men å ta frå dei den positive forståinga dei har av seg sjølv. Å bli krenkt kan føra til at heile identiteten til ein person bryt saman (Honneth 2008, s. 140). Sjølvforståinga kan bli øydelagd av både handlingar, ytringar eller visse typar omstende (Honneth 2007, s. 134).

Å bli vanakta eller fornærma, kan romma ulike grader av psykisk skade (Honneth 2008, s.140). Ved å skilja mellom ulike former for å bli anerkjent, kan me òg skilja mellom former for vanakt. Forskjellane mellom dei må vurderast ut frå i kva grad formene for vanakt nektar ein person å få identitetskrava sine anerkjent – og i kva grad dei skakar personen sitt forhold til seg sjølv (Honneth 2008, s.141). Honneth opererer med tre former for vanakt. Den første forma ligg i kroppslig mishandling, som øydelegg den grunnleggjande sjølvtilitten til personen. Den andre forma ligg i ekskludera nokon frå bestemte rettar i samfunnet. At nokon systematisk blir nekta rettar i samfunnet, impliserer at dei ikkje er moralsk tilreknelege (Honneth 2008, s.143).

Den siste forma for fornedring har negativ påverknad på den sosiale verdien til eit individ eller ei gruppe. I daglegtaen blir slike former for vanakt kalla fornærming. Sosial nedvurdering går ut over evna individet har til å forstå seg sjølv som verdsett for eigenskapane og ferdigheitene sine. Vanakta tar ifrå personen den sosiale tilslutninga til ei form for sjølvrealisering – ei sjølvrealisering som individet i utgangspunktet har kava for å oppnå ved hjelp av oppmuntrande gruppesolidaritet (Honneth 2008, s. 143).

Konsekvensane av dei tre typane av vanakt blir skildra ved hjelp av metaforar som viser til symptom på kroppsleg forfall. For å skildra konsekvensane av tortur og valdtekt, blir uttrykk som «psykisk død» brukt. «Sosialt død» blir brukt om den som mistar rettar og blir ekskludert frå samfunnet. Dei som blir kulturelt nedvurderte, blir krenkte. Metaforane som viser til fysisk lidning og død, gir uttrykk for at dei ulike formene for vanakt har den same negative verknaden for den psykiske integriteten til folk som organiske sjukdommar har for kroppen (Honneth 2008, s. 144). Eksempel på sosial fornedring er stigmatisering og diskriminering (Van Hooft 2010, s. 43). Å bli sosialt fornedra og audmjuka er ein trussel for identiteten til eit menneske, i same grad som sjukdommar trugar livet. Å bli anerkjent beskyttar mot vanakt, på same måten som førebygging av sjukdommar beskyttar mot forfall og død (Honneth 2008, s. 144).

Dei negative reaksjonane som kjem med erfaringa av å bli vanakta, utgjer den basisen av motivasjon som kampen for å bli anerkjent er forankra i. Honneth hevdar at kjensla av skam, raseri, krenking eller forakt utgjer psykiske symptom. Desse symptoma gjer at subjektet forstår at det på ein urettvis måte ikkje er blitt anerkjent. For å ha eit godt forhold til seg sjølv, er mennesket avhengig av å bli anerkjent for prestasjonane og ferdigheitene sine. Når *det* ikkje skjer, er det nærmast som ein får rive opp eit hol i personlegdommen. Dette holet blir fylt av negative kjensler som skam eller raseri. Desse affektive reaksjonane gjer det klart for individet at han eller ho ikkje er blitt anerkjent (Honneth 2008, s. 145).

Honneth gjer denne tesen rimeleg ved å sjå til pragmatisk psykologi. Han tar i bruk eit omgrep John Dewey har utvikla om menneskelege kjensler. Konseptet til Dewey går ut på at kjensler utgjer affektive reaksjonar på dei vellukka eller mislukka handlingshensiktene våre. Når ei handling ikkje blir avslutta som forventa, kjem negative kjensler som harme. Men når subjektet derimot finn ei vellykka løysing på eit problem, følgjer glede og stoltheit (Honneth 2008, s. 145).

Kjenslereaksjonane er reaksjonar på uventa motgang som kjem av brot på normative åtferdsforventingar. Det handlande subjektet kan sjølv vera skuld i normbrotet, eller det kan vera interaksjonspartnarane sin feil. I det første tilfellet opplever subjektet skuldkjensle, i det andre tilfellet kjenner det seg moralsk indignert (Honneth 2008, s. 146). Psykoanalytiske og fenomenologiske teoriar er samstemde i at skam er ei senking av eigenverdien av subjektet. Motgang i handlingslivet fører til at subjektet skammar seg – det opplever at det har mindre sosial verdi enn det tok for gitt i utgangspunktet (Honneth 2008, s. 146).

Når interaksjonspartnarane bryt med dei moralske normene som lar subjektet stå fram som det han eller ho ønskjer å vera, blir det utløyst ei moralsk kommunikasjonskrise. Dei normative forventningane om respekt, som det handlande subjektet trudde det kunne stilla til motparten, blir ikkje innfridde (Honneth 2008, s. 147). Opplevinga av urett uløyser eit mentalt sjokk og personleg skade, fordi det øydelegg eit initiativ subjektet hadde (Honneth 2007, s. 134). Audmjukinga skaper ei affektiv spenning, som individet bare kan utløysa gjennom ei aktiv handling (Honneth 2008, s. 148). Kampen om å bli anerkjent fungerer som ei moralsk kraft i den sosiale verkelegheita til mennesket, ei moralsk kraft som skapar utvikling og framsteg (Honneth 2008, s. 151).

Sosial motstand og opprør botnar i krenking, ifølgje Honneth (Honneth 2008, s. 171). Alle negative kjenslereaksjonar som kjem av erfaringa av å bli vanakta, gir det råka subjektet sjansen til å erkjenne uretten og gjera han til motivasjon for politisk motstand. Om potensialet som ligg i kjensla av skam og krenking blir omdanna til ei politisk-moralsk overtyding, kjem an på dei politisk-kulturelle omgivnadene til subjektet. Erfaringa av vanakt kan bare motivera til politisk motstand om det finst ei sosial rørsle som kan bera denne motstanden fram (Honneth 2008, s. 148).

Kollektiv motstand kan veksa fram av ei felles kjensle av vanakt (Honneth 2008, s. 172). Når ein krets av subjekt erfarer urettferda som typisk for sin situasjon, kan det føra til kollektive handlingar (Honneth 2008, s. 173). Politiske aksjonar kan gjera at dei som er råka, blir rivne laus frå den lammande situasjonen av fornedring og får eit nytt, positivt forhold til seg sjølv. Ved å delta i felles motstand, får individet tilgang til ei ytringsform der det direkte kan forsikra seg om at det har moralsk eller sosial verdi. Når individet deltar i den politiske kampen, får det tilbake litt av sjølvrespekten sin. Kjensla blir forsterka gjennom at alle som er med i protesten, verdset kvarandre gjensidig (Honneth 2008, s.172 og 173).

Utan ein viss grad av sjølvtilitt, rettsleg garantert autonomi og tru på verdien av eigne ferdigheiter, er det ikkje mogleg å lykkast med å realisera seg sjølv. Fridomen i sjølvrealiseringa er avhengig av føresetnader subjektet sjølv ikkje kan styra, men bare har tilgang til gjennom interaksjonspartnarane. Føresetnaden for vellukka sjølvrealisering er å bli anerkjent i vennskaps- eller kjærleiksforhold, rettsleg og solidarisk (Honneth 2008, s. 182).

Det rettslege området og verdifellesskapet er opne for endringsprosessar som aukar graden av universalitet og egalitet. Dei intersubjektive føresetnadene for eit vellykka liv blir dermed ein historisk variabel storleik (Honneth 2008, s. 183).

5. Analyse

I det følgjande vil eg svare på følgjande spørsmål i problemstillinga: Kva trussel utgjer netthets mot den gode samtalen og det gode liv? Kva utløyser netthets – og kvifor? Er det mogleg, ved å ta utgangspunkt i omgrepet *det gode liv*, å seia at det er etisk forbode å netthetsa? Ressursane til analysen finn eg, som tidlegare nemnt, hos Helge Svare, Martha C. Nussbaum og Alex Honneth. Eg startar med å analysera netthets i lys av Helge Svare sine ideal for den gode samtalen. Eg ser på kva som trugar den gode samtalen og ser på kva som skjer – i Svare sitt teorispråk – når samanbrotet er eit faktum.

Vidare i analysen tar eg i bruk Nussbaum sin teori om objektgjering. Herfrå går eg vidare til å sjå netthets i lys av *The Capabilities Approach*, signert same teoretikar. Deretter lar eg Axel Honneth sin teori om kampen for å bli anerkjent vera bakteppe. Denne delen av analysen blir avslutta med eit konkluderande avsnitt, der eg kombinerer ressursar frå dei tre teoretikarane.

Når eg ser på kva som utløyser netthets, og kvifor, tar eg igjen i bruk både Martha C. Nussbaum sin teori om objektgjering og Alex Honneth sin teori om kampen om å bli anerkjent. Avslutningsvis svarer eg på det siste spørsmålet i problemstillinga ved å nytta Nussbaum sin *The Capabilities Approach* og Honneth sin nemnde teori.

5.1 Den gode samtalen bryt saman

Netthetsen informantane har opplevd, bryt med dei fleste ideala Svare listar opp for den gode samtalen. I det følgjande listar eg igjen opp ein del av samtaleideala frå kapittel to. Eg gir eksempel frå empirien som viser at desse ideala blir brotne når offentleg samtale utartar til hets.

- **Å lytta:** Når alle snakkar og ingen høyrer etter, blir det kaos. Fordommar kan truga lytteevna. Den som seier til samtalepartnaren sin at ho er naiv, er neppe innstilt på å høyra etter.
- **Å opna for eiga og andre si innsikt:** Den som greier å lytta, opnar synsfeltet sitt og kan bli klokare. Den som har som utgangspunkt at alle feministar er dumme, inkludert samtalepartnaren, kan vanskeleg trekkja lærdom av samtalen.

- **Å stilla med relevante og kreative bidrag:** Eit relevant bidrag bringar noko nytt inn i samtalen, som samtalepartnarane kan gjera seg nytte av. Sjikane, som at «du er så stygg at ingen vil ha deg», kan ikkje brukast i så måte.
- **Å spela i lag:** Ein god lagspelar får fram det beste i andre, med ros og oppmuntring. Den som seier til samtalepartnaren sin at «du veit ikkje kva du snakkar om fordi du er dum i hovudet», forsømer seg på dette punktet.
- **Å vera undrande:** Det me har trudd kan vera feil. Å møte samtalepartnaren sin med å fortelja henne kor lite ho forstår, er eit brot med prinsippet om å ha ei ikkje-vitande haldning.
- **Å vera sosialt årvaken:** Den som varer kjensler hos dei andre deltakarane i dialogen, kan hindra at kjelsene skadar eller øydelegg dialogen heilt. Netthetsarar som gjer seg skuldige i å såra samtalepartnarane sine, skræma dei, gjera dei sinte, eller ta frå dei sjølvkjensla, er ikkje sosialt årvakne.
- **Å vera høfleg, taktfull og respektfull:** Den taktfulle føler seg fram i verda og undersøker omgivingane sine forsiktig. Om samtalepartnaren kjenner seg svak og sårbar, ser den taktfulle det. Han eller ho sårar ikkje – og kritiserer ikkje på ein måte som gjera at samtalepartnaren kjenner seg latterleggjort. Netthetsaren som trugar og trakasserer, er verken høfleg, taktfull eller respektfull.
- **Å vera positiv:** Den positive tolkar det samtalepartnaren seier i beste meining. Å seia til nokon at dei er uintelligente og legg seg opp i saker dei ikkje har noko med, er å bryta med prinsippet om å sjå etter det nyttige i alle innspel.
- **Å vera kjærleg og vennleg:** Den som trugar samtalepartnaren sin med bank, eller gir uttrykk for å villa drepa henne, skjemmer idealet om å møte ein samtalepartnar med den same vennskapelege haldninga ein møter venner med.
- **Å ha tru, håp og å vera audmjuk:** Det dialogiske mennesket har ei tiltru til samtalepartnaren sjølv før møtet har funne stad. Å håpa og tru at dialog er mogleg er viktig, for dialogen kan ikkje leva i ein atomsfære av håpløyse. Den som helsar samtalepartnaren sin med «du burde få sparken», har inga tiltru til samtalepartnaren.

Den som trugar og trakasserer samtalepartnaren sin, har brote med 12 av dei 14 ideala Svare listar opp for den gode samtalen. Der netthetsaren har fått utfalda seg, har dermed den gode, offentlege samtalen brote saman. Trusselen netthest utgjer for den gode samtalen, er altså fullstendig samanbrot.

Ein offentleg samtale som er prega av netthets, har blitt ein verbal slåstkamp (Svare 2006, s. 7). Netthetsaren som trugar med vald eller nyttar verbale angrep, er ute etter å undergrava meingane til samtalepartnaren (Svare 2006, s. 12). Han ønskjer å omvenda henne og er ikkje interessert i å læra noko av henne (Svare 2006, s. 16). Ved å ta personen i staden for saka, har netthetsaren tatt i bruk ein anti-dialogisk strategi (Svare 2006, s. 120). I plassen for å konsentrera seg om argumenta, har netthetsaren retta merksemda mot personen som uttaler seg. Når hetsaren seier til samtalepartnaren sin at ho er dum i hovudet eller at ho ikkje veit kva ho snakkar om, er han ute etter å nedvurdera henne og setja henne i eit komisk lys (Svare 2006, s. 127).

5.2 Samtalen mistar samfunnsendrande kraft

Når dialogen bryt saman, kan det ikkje forløysast krefter som gjer at eit nytt og betre samfunn kan oppstå (Svare 2006, s. 266). Den felles samtalen, der me skal koma på sporet av det gode praksisar, er blitt øydelagd (Svare 2006, s. 268). Visdomen som trengst for å styra samfunnet på ein god måte, kan ikkje utviklast når netthetsaren har punktert dialogen. Arrogansen netthetsaren har utvist, har truga tenkinga som dialogen skal aktivera. For det er bare når ein stiller spørsmål med eit velvillig utgangspunkt, at filosofisk erkjenning kan finna stad (Svare 2006, s. 268). Ein dialog som er øydelagt av netthets, får ikkje den samfunnsendrande krafta han ideelt skulle hatt. Om dialogen skal vera hovudet og hjartet i samfunnet, kan netthetsen sjåast på som hjerneslag og hjarteinfarkt.

5.3 Netthets trugar velvære og personleg utvikling

Samfunnsdebattanten kan ikkje bli eit sjølv gjennom eige strev. Ho treng å stå i eit dialogisk forhold med andre både for å bli eit sjølv og for å halda fram med å vera det. Dialogen er ikkje ein luksus verken ho eller andre kan greia seg utan (Svare 2006, s. 57). Med Svare kan me seia at når dialogen blir øydelagt av netthets, så bryt sjølvvet til samfunnsdebattanten saman. Det går ut over velværet hennar, fordi arroganse, latterleggjering og audmjuking øydelegg henne i sitt inste.

Sjølv om samfunnsdebattantane eg har intervjuja i hovudregelen ikkje tar netthetsen personleg, men har såpass tjukk hud at hetsen oftast prellar av, har alle hatt negative kjensler i

forbindelse med at dei er blitt netthetsa. Å ikkje bli møtt, anerkjent og respektert kan opplevast som å bli kunst, poengterer Svare. Ei av kvinnene i undersøkinga fortel at ho opplevde det første tilfellet av netthets som å bli slått i magen. Ho var uvel resten av dagen. Sju av dei åtte samfunnsdebattantane bruker ordet «ubehageleg» om korleis det kjennest når netthetsen ikkje prellar av.

Over tid kan slike kjensler gi langvarige skadar, understrekar Svare. Det kan føra til manglande sjølvtilitt og til og med depresjon og sviktande livsvilje (Svare 2006, s. 57). At netthets kan ramma sjølvkjensla, bekreftar seks av informantane. «Eg blir stressa, lei meg og usikker», seier ei av dei.

5.4 Objektgjerung som trussel mot den gode samtalen

Som Svare har påpeika, er det ein anti-dialogisk strategi å ta personen i staden for saka (Svare 2006, s. 115). Personangrepa kvinnene i denne undersøkinga er utsette for, kvalifiserer for å koma inn under kategorien objektgjerung – ut frå dei kriteria Martha C. Nussbaum har lista opp (Nussbaum 2010, s. 70-71). Nussbaum har merka seg at netthets mot kvinner ofte handlar om å behandla dei ut frå korleis dei ser ut eller å redusera dei til kroppsdelar. Den som seier til samtalepartnaren sin at «du er så stygg at ingen vil ha deg» eller kallar henne for feit megge, gjer henne til objekt. Det same gjer han dersom han, i staden for å halda seg til temaet i samtalen, pensar inn på kor store bryst ho har.

Netthetsaren som seier til samtalepartnaren sin at «du er dum fordi alle feministar er dumme», har behandla henne som om ho like greitt kunne ha vore erstatta av ein annan feminist. Slik åtferd er skildra i punkt fire på lista til Nussbaum – og netthetsaren har dermed gjort seg skuldig i å gjera samtalepartnaren sin til eit objekt. Det same har han gjort, han som trugar samtalepartnaren sin med drap, valdtekt eller bank. Punkt fem handlar nemleg om å behandla nokon som ein ting som det er heilt greitt å øydeleggja. Å behandla nokon som om kjenslene deira eller erfaringane deira ikkje treng å takast omsyn til, er òg ei form for objektgjerung. Hetsarar som kjem med valdstruslar eller kallar samtalepartnaren stygg, feit eller dum, bryr seg neppe om kva kjensler han set i sving hos mottakaren.

5.5 Objektivgjerung som trussel mot det gode liv

Ei kvinne som er blitt gjort til eit objekt på nettet, blir sett i hjelpelaus situasjon, poengterer Nussbaum. Netthetsen påverkar henne i dagleglivet. Bodskapen frå hetsarane kan kverna i hovudet hennar jamt. Ho kan òg oppleva at rykte som er sett ut om henne hindrar henne i å få den jobben ho ønskjer eller å knyta dei vennskapane ho vil (Nussbaum 2010, s. 80).

Objektivgjerung er ei form for stigmatisering, poengterer Nussbaum (Nussbaum 2010, s. 73). Stigmatisering er med på forsterka synet på at nokon grupper av befolkninga ikkje er likestilte med andre (Nussbaum 2011, s. 148).

Diskriminering og marginalisering hindrar dei som blir ramma av det, å bruka potensiala eller verkemåtane sine. I *Women and human development* skriv Nussbaum om kvinner som har ein lovbeskytta rett til å delta i politisk arbeid, men som blir truga med bank av familiemedlemer om dei forlét heimen (Nussbaum 2000, s. 98). Desse kvinnene har inga reell moglegheit til å utfalda seg i politikken (Malnes og Midgaard 2009, s. 325). På sammen måten går nettruslar ut over kvinners reelle moglegheiter til å utfalda seg i politikken. Når ei kvinne legg vekk eit halvskrive innlegg eller takkar nei til å koma på Dagsnytt atten, fordi ho tidlegare har blitt truga med valdtekt eller drap når ho har ytra seg, har fått innskrenka dei reelle moglegheitene ho har til å vera politisk aktiv.

Nussbaum har lista opp verkemåtane eitkvart menneske må ha moglegheita til å utvikla for å kunna leva eit fullt ut menneskeleg liv (Nussbaum 2000, s. 74.) To av dei er spesielt viktige; å kunna bruka den praktiske fornufta og å kunna leva for og med andre (Nussbaum 2000, s. 82). Ein samfunnsdebattant som droppar å skriva om visse tema ho er interessert i, fordi ho blir truga med vald eller blir sjikanert, mister ei moglegheit til å kunna delta i kritisk refleksjon om det gode liv – og til å kunna fortelja verda kva ho synest er rett og godt, verdifullt og ikkje verdifullt (Nussbaum 2000, s. 300). Når ho ikkje får planlagt livet sitt i eit komplisert samspel med, og i diskusjon med, andre, får ho ikkje realisert seg fullt og heilt som menneske (Nussbaum 2000, s. 82).

Netthets, i augo til Nussbaum, kjem i vegen for menneskeleg blomstring. Netthets kjem i vegen for at kvinnelege samfunnsdebattantar kan leva eit fullt ut menneskeleg liv; dei får ikkje bruka alle verkemåtane sine. Men òg hos Nussbaum kan ein finna støtte for å seia at netthets òg har eit samfunnsaspekt – det handlar ikkje bare om at individet, sårbart som ein plante, får eit skrint jordsmonn å veksa i.

Til liks med Svare understrekar Nussbaum at politikken som blir ført i eit samfunn, er utforma på grunnlag av diskusjonar mellom innbyggjarar med ulike verdiar og synspunkt. Når drøftingane er av det knappe slaget, eller ikkje blir gjennomført tatt i det heile tatt, er det dei mektige og dei taleføre som får gjennomslag. Når nokon takkar nei til å stilla i radio- eller tv-debattar eller legg vekk halvskrivne innlegg, fordi dei fryktar å bli netthetsa, risikerer me å mista idear og nyttige perspektiv i samfunnsdebatten – som i sin tur skal leggja grunnlaget for den politikken som skal førast. Som Nussbaum poengterer; det er bare når me kjenner alle sidene av ei sak, at me kan vita om me har valt det beste alternativet (Nussbaum 2000, s. 300).

5.6 Sjølvrealisering på spel

I lys av teorien til Axel Honneth kan det å delta i samfunnsdebatten sjåast på som ei form for sjølvrealisering mogleggjort gjennom kommunikasjon (Honneth 2008, s.180). Føresetnadene for vellykka sjølvrealisering er å bli anerkjent i vennskaps- eller kjærleiksforhold, rettsleg og solidarisk (Honneth 2008, s. 182). Samfunnsdebattantane søkjer etter å bli solidarisk anerkjent, slik at dei kan verdsetja seg sjølv og identifisera seg med måla og ønska sine (Honneth 2008, s. 177).

Gjennom ytringar (Honneth 2007, s. 134) tar netthetsarane ifrå samfunnsdebattantane den positive forståinga dei har av seg sjølv (Honneth 2008, s 140). Det gjer dei anten dei trugar kvinnene med bank, valdtekt eller drap, eller stigmatiserer dei (van Hoof 2010, s. 43) med ytringar som «du er dum fordi alle feministar er dumme». I plassen for å bli sosialt anerkjent, blir samfunnsdebattanten sosialt nedvurdert når netthetsaren utfaldar seg. Denne nedvurderinga går ut over evna ho har til å forstå seg sjølv som verdsett for eigenskapane og ferdigheitene sine. Krenkinga kan føra til at heile identiteten til samfunnsdebattanten bryt saman (Honneth 2008, s. 140). Forholdet ho har til seg sjølv, kan bli skaka (Honneth 2008, s. 141). «Eg blir lei meg på ein litt sånn sjølvhatande måte», seier ei av kvinnene i undersøkinga. Seks av dei åtte informantane i undersøkinga har opplevd at netthetsen har ramma sjølvkjensla.

Som sjukdommar trugar livet til ein person, trugar sosial fornedring og audmjukande netthets identiteten (Honneth 2008, s. 144). «Eg blir stressa, lei meg og usikker», fortel ei. Eitt av intervjuobjekta poengterer at samfunnsdebattantar òg er sårbare, trass i at dei lanserer

meiningane sine utan blygsel. Heller ikkje dei mest garva samfunnsdebattantane kjenner seg som verdsmeistrar, poengterer ho. «Me er bare menneske», understrekar ho.

Mennesket er avhengig av å bli anerkjent for prestasjonane og ferdigheitene sine for å ha eit godt forhold til seg sjølv. Å ikkje bli anerkjent, er som å få rive opp eit hol i personlegdommen, poengterer Honneth (Honneth 2008, s. 145). At det kjennest slik å bli netthetsa, bekreftar ei av kvinnene i undersøkinga: «Ein blir ramma i personlegdommen på ein måte».

Kjensler som skam og raseri er psykiske symptom som gjer subjektet klar over at det i staden for å ha blitt anerkjent, er blitt vanakta. Kjenslene fyller holet i personlegdommen, som er blitt rive opp av erfaringa av å bli vanakta (Honneth 2008, s. 145). «Ja, eg kan bli sint, fordi eg synest det er ufint, urimeleg og urettferdig», seier ei kvinnene om netthetsen. Ei fortel om ei ubehageleg oppleving av å villa eksplodera av sinne. Kjenslene er reaksjonar på uventa motgang som kjem av brot på normative åtferdsforventningar. Når me har å gjera med netthets, er det interaksjonspartnaren, netthetsaren, som er skuld i normbrotet.

Samfunnsdebattantane reagerer med å kjenna seg moralsk indignerte (Honneth 2008, s. 146).

Motgang i handlingslivet utlyser ei kjensle av skam, ei senking av eigenverdien. Debattanten opplever å ha mindre sosial verdi enn ho trudde i utgangspunktet (Honneth 2008, s.146). Eitt av intervjuobjekta fortel at ho, etter å ha blitt netthetsa, kan bli sitjande igjen med ei kjensle av at ho burde ha tagd still. Det sårar, sidan ho i utgangspunktet hadde vurdert det ho hadde skrive som viktig nok, godt nok skrive eller fornøyeleg nok til at det kunne publiserast.

5.7 Moralsk kommunikasjonskrise

Når interaksjonspartnarane, netthetsarane, bryt med dei moralske normene som lar subjektet, samfunnsdebattanten, stå fram som det ho ønskjer å vera, blir det utløyst ei moralsk kommunikasjonskrise. Forventningane om respekt samfunnsdebattanten trudde ho kunne stilla til motparten, lesaren av innlegget, blir ikkje innfridde (Honneth 2008, s. 147). Hetsaren har øydelagt eit initiativ samfunnsdebattanten hadde og utløyst eit mentalt sjokk og personleg skade (Honneth 2008, s. 151).

Den affektive spenninga audmjukinga uløyser, skam og sinne, kan samfunnsdebattanten bare utløysa gjennom ei aktiv handling (Honneth 2008, s. 148). Éi av kvinnene lar sinnet få utlauf

i langvarige diskusjonar med hetsaren, mens éi går til politiet og melder hetsaren. Å fortelja andre om hetsen, er òg ein strategi som blir brukt. Éi tar printscreen av hetsande meldingar og viser dei til venner. «Så ler me av det. Det er ein forsvarsmekanisme som fungerer hos meg», seier ho og legg til at ho prøver å gjera hetsaren stakkarsleg i sitt eige hovud.

I Honneth sitt teorispråk vil negative kjenslereaksjonar som følgjer erfaringa av å bli netthetsa, gi samfunnsdebattanten sjansen til erkjenna uretten og gjera han til motivasjon for politisk motstand (Honneth 2008, s. 148). Av ei felles kjensle av vanakt kan kollektiv motstand veksa fram (Honneth 2008, s. 173). I intervjumaterialet kjem denne motstanden til uttrykk når kvinnene klart gir uttrykk for at dei kjem til å halda fram med å ytra seg. Fleire av dei ønskjer å vera eit førebilete for yngre samfunnsdebattantar. Ingen kan hevda at likestillinga har gått for langt, og at ho heller bør finna andre område å engasjera seg på, så lenge kvinner blir hetsa når dei uttaler seg i det offentlege, poengterer ei av dei. Ei anna er inne på det same når ho seier at det er viktig å motarbeida netthetsarane. Ho seier det slik: «Min måte å gjera det på er å ikkje teia, men halda fram med å stilla på tv og stilla i debattar, sjølv om eg ikkje har lyst.»

Motstand kan føra til at dei som blir råka av vanakt, som netthets, blir rivne laus frå den lammande situasjonen av fornedring. Gjennom motstanden får dei eit nytt, positivt forhold til seg sjølv. Gjennom å engasjerer seg mot netthets, i lag med andre, får samfunnsdebattanten igjen forsikra seg om at ho har moralsk eller sosial verdi. Gjennom kampen får samfunnsdebattanten tilbake litt av sjølvrespekten sin. Kjensla blir forsterka gjennom at alle som er med i protesten, verdset kvarandre gjensidig (Honneth 2008, s. 172). Honneth poengterer at erfaringa av vanakt kan motivera til politisk motstand om det finnest ei sosial rørsle som kan bera motstanden fram (Honneth 2008, s. 173). Ei av kvinnene i undersøkinga seier at det er støtta frå organisasjonen hennar som gjer at ho held fram med å seia kva ho meiner i det offentlege. «Me tar godt vare på kvarandre», seier ho.

Honneth reknar kampen om å bli anerkjent som ei moralsk kraft i den sosiale verkelegheita til mennesket, ei kraft som skaper framsteg og utvikling (Honneth 2008, s. 151). Både det rettslege området og verdifellesskapet er opne for endringsprosessar som aukar graden av likskap. I det perspektivet kan motstanden mot netthetsarane, som samfunnsdebattantane utviser når dei held fram med å ytra seg, i neste omgang gjera samfunnsdebatten mindre barsk – og dermed gjera det lettare å realisera seg sjølv gjennom å delta.

5.8 Fine tilbakemeldingar gir vellykka sjølvrealisering

Å bli anerkjent gir vern mot vanakt, på same måten som førebygging av sjukdommar beskyttar mot forfall og død (Honneth 2008, s. 144). Fleire av kvinnene seier at positive tilbakemeldingar veg opp for hetsen. Fine tilbakemeldingar om prosessar ho har sett i gang hos folk, veg opp for all verdas kjefting, seier ei. Ei seier det slik: «Ein får så mange positive tilbakemeldingar òg. Eg føler i alle høgaste grad at det veg opp for det negative, og at ein og annan smågal kommentar i ei eller anna form ikkje betyr så mykje om ein les dei meldingane som er positive». I slike tilfelle har debattantane fått tilslutning frå interaksjonspartnarane sine og blitt sosialt inkluderte. Sjølvrealiseringa har vore vellykka og føresetnadene for å leva det gode liv er på plass. Samfunnsdebattanten kan tru på verdien av ferdigheitene sine og nytta godt av fråværet av angst og psykiske hemningar (Honneth 2008, s. 182).

For å samanfatta; med Honneth kan me altså seia at netthets trugar det gode liv fordi netthetsen kan vera eit hinder for sjølvrealiseringa samfunnsdebattantane søkjer gjennom å ytra seg offentleg. Sjølvrealiseringa samfunnsdebattantane søkjer er avhengig av føresetnader dei sjølv ikkje kan styra. Det er snarare dei som kommenterer ytringane deira som sit på nøkkelen.

Netthets hindrar dei å bli sosialt inkluderte og få den sosiale statusen dei fortener. Sidan informantane over tid har utvikla tjukkare hud, prellar hetsen oftast av. Men dei gongene huda er tynn, kan heile identiteten til samfunnsdebattanten bryta saman. Ho får eit hol i personlegdommen sin, eit hol som blir fylt av kjensler som sinne og skam. Kjenslene kan motivera samfunnsdebattantane til å setja seg opp mot netthetsarane. Sinnet og skamma kan bli omdanna til ei politisk-moralsk overtyding, og felles kjensle av vanakt kan resultera i kollektiv motstand. Som ein informant seier: «Eg er veldig bevisst på at dette ikkje skal stoppa meg på noko vis». Kampen kan gjera at samfunnsdebattantane får tilbake litt av sjølvrespekten sin, som netthetsarane har tatt frå dei.

Motstanden kan føra til endringsprosessar, som i neste omgang betrar føresetnadene for å leva det gode liv som samfunnsdebattant. Eksempel på slike endringsprosessar kan vera at redaktørar av nettmedium bestemmer at dei som vil kommentera saker, ikkje får vera anonyme. Eit anna eksempel kan vera å lansera eit sett reglar som gjeld for dei som vil kommentera nettsaker, slik det for eksempel er gjort på Aftenbladet.no.

5.9 Konsekvensar for individ og samfunn

Ser me på netthets med augo til både Svare, Nussbaum og Honneth, er det mogleg å samanfatta på denne måten: Netthets fører til at den gode samtalen bryt saman. Det bryt ut ein verbal slåstkamp, der netthetsarane tar i bruk den anti-dialogiske strategien å ta personen i staden for saka (Svare). Å objektgjera nokon er eit eksempel på å ta personen i staden for saka. Anten samfunnsdebattanten er blitt truga med bank, fått kommentert brysta sine eller blitt kalla feit, så er ho blitt objektgjort (Nussbaum).

Forventningane av respekt som samfunnsdebattanten trudde ho kunne stilla til motparten, lesaren av innlegget, er ikkje blitt innfridde (Honneth). Objektgjeringa (Nussbaum) utløyser sjokk og mental skade. Samfunnsdebattanten er ikkje blitt solidarisk anerkjent, og kan dermed ikkje verdsetja seg sjølv og identifisera seg med måla og ønska sine (Honneth). Med Svare kan me seia at objektiveringa går ut over velværet til samfunnsdebattanten. Ho blir knust. Slike kjensler kan på sikt ta frå henne sjølvstilliten.

Objektivering er ei form for stigmatisering, og stigmatisering er med på å forsterka synet på at visse grupper av befolkninga ikkje er likestilte med andre (Nussbaum). Diskriminering og marginalisering hindrar folk i bruka verkemåtane sine. Kvinnene eg har intervjuja har ein formell rett til å ytra seg og engasjera seg politisk. Men ho som takkar nei til å vera med i Dagsnytt atten, fordi ho tidlegare har blitt truga med valdtekt og drap når ho har ytra seg, har fått innskrenka den reelle moglegheita ho har til å vera politisk aktiv.

Når radiosendinga går utan henne, risikerer me å mista eit perspektiv i debatten – som i sin tur skal leggja grunnlag for politikken som skal førast. Me risikerer at ei side av ei sak slett ikkje blir opplyst (Nussbaum). Den føregåande debatten – der ho blei truga – blei heller ikkje den gode samtalen der visdom kunne utviklast. Dialogen blei punktert av netthets og fekk dermed ikkje den samfunnsendrande krafta han kunne hatt (Svare).

5.10 Netthets kan botna i skam

Som empirikapittelet viser, er det spesielt når informantane skriv om kvinnesak og innvandring at dei blir møtt med netthets. Den som skriv om likestilling eller det fleirkulturelle Noreg, er fritt vilt, har éi merka seg. Korleis kan det ha seg? Både Martha C. Nussbaum og Axel Honneth har gjort seg refleksjonar som kan kasta lys over tematikken.

I artikkelen *Objectification and Internet Misogony* spør Nussbaum om kva det er som skjer når ei kvinne blir gjort til eit objekt. Slik Nussbaum ser netthetsaren, og ho er influert av Nietzsche, prøver å han å verdsetja seg sjølv ved å skapa seg ei verd der den kvinnelege samfunnsdebattanten (som han hetsar) ikkje lenger er så suksessfull. Han skammar seg fordi han kjenner seg underlegen. Han koplpar denne skamkjensla med maskuline normer om å ha kontroll, og gir seg til å netthetsa (Nussbaum 2010, s. 69). Ved å føra skamma over på dei kvinnelege samfunnsdebattantane, skaper netthetsarane eit trygt område rundt seg sjølv (Nussbaum 2010, s. 82).

Nussbaum ser ikkje vekk frå at menn angrip kvinner fordi kvinnene vågar å konkurrera med dei (Nussbaum 2010, s. 80). Mange av informantane i denne undersøkinga sit med ei kjensle av at netthetsarane prøver å gi dei eit inntrykk av at dei ikkje burde ha den posisjonen dei har og at dei sjølv ønskjer å ha rangen. Ei seier ho kjenner seg forsøkt vippa av pinnen. Éi av dei trur nok at netthetsaren Willy, som har kalla henne dum i hovudet, nok godt kunne tenkt seg at regionavisa heller ringde til *han* – for å få *hans* kommentar i den aktuelle saka. «Det er ein del som framleis meiner at du som kvinne ikkje skal stikka deg fram på same måten som ein mann gjer,» seier ho.

Kanskje blir mannlege netthetsarar dobbelt provoserte når teksten dei les både er skriven av ei kvinne og attpåtil handlar om kvinnesak. Det kan tenkjast at tema som handlar om innvandring, trykkjer på nokon av dei same knappane. Netthetsarane tenkjer kanskje at innvandrarane, på same måten som kvinnene, vil vera konkurrentar til posisjonar dei før har hatt for seg sjølv.

Teorien til Axel Honneth kan, som vist tidlegare i oppgåva, kasta lys over situasjonen sett frå samfunnsdebattantane sitt perspektiv. Men hos Honneth er det òg ressursar til å analysa situasjonen frå hetsarane sin synsvinkel. Om me tar utgangspunkt i at netthets botnar i skamkjensle hos hetsaren, slik Nussbaum tenkjer seg, er det mogleg å sjå føre seg følgjande: Hetsaren kjenner skam fordi han på ein urettvis måte ikkje er blitt anerkjent. Audmjukinga skaper ei affektiv spenning, som han får ut ved å truga og trakassera kvinner på nettet. I det perspektivet blir hetsaren ein som kjempar for å bli anerkjent.

Fleire av informantane i undersøkinga har gjort seg refleksjonar som kan støtta opp om ein slik analyse. «Dei er sinte på kvinner», samanfattar ei av kvinnene. Éi seier at ho trur hetsarane kjenner seg sette til sides og avmaskuliniserte. At ho er kvotert inn i jobben sin, får éi av informantane ofte høyra. Ho trur at dei som meiner det, har kjensla av at kvinner blir

hjelpete fram i systemet – kanskje mens dei sjølv møter motstand i barnefordelingssaker eller andre private forhold.

5.11 Netthets er etisk forbode og må motarbeidast

Verkemåtane til Martha C. Nussbaum gir eit moralsk fundament for korleis me skal handla (Nussbaum 1995, s. 122). Når noko kjem i vegen for at grupper eller enkeltindivid får bruka verkemåtane sine, må det sjåast på som urettferdig og tragisk, ifølgje Nussbaum. Saka må takast tak i straks (Nussbaum 2000, s. 71). Seks av kvinnene i undersøkinga har sensurert seg sjølv som følgje av netthets. Netthetsen har kome i vegen for at dei kan utfalda seg politisk slik dei ønskjer, og er dermed etisk forboden. Med Nussbaum kan me òg seia at problemet med netthets må takast tak i med det same (Nussbaum 2000, s. 71).

Ansaret for at folk får bruka verkemåtane sine, ligg på både styresmakter og vanlege innbyggjarar (Nussbaum 2000, s. 105). Samfunnet må leggja til rette for at folk skal kunna bringa politiske ytringar til torgs (Nussbaum 2011, s. 33), utan å bli audmjuka og mista sjølvrespekten (Nussbaum 2011, s. 34). Vanlege innbyggjarar må sjå til at dei ikkje legg hindringar i vegen for at andre skal få bruka verkemåtane sine. Ingen bør ha rett til å ta fundamentale rettar frå andre, poengterer Nussbaum. I denne samanhengen kan me seia at ingen bør ha rett til å netthetsa andre (Nussbaum 2011, s. 83). Å ikkje netthetsa andre er ei etisk plikt, ei plikt som ikkje treng festast til lovverket for å vera moralsk bindande (Nussbaum 2011, s. 167).

Utan ein essensialisme – ein felles definisjon av det gode, ser ikkje Nussbaum noko grunnlag for å peika ut kva som manglar i liva til fattige og marginaliserte (Nussbaum 1992, s. 229). Essensialismen til Nussbaum botnar i ideen om at me deler ein felles menneskelegdom. Axel Honneth byggjer òg sin teori på ei normativ forståing av det gode. I teorispråket hans er det det å bli sosialt inkludert og anerkjent som individ som er nødvendig for å leva eit lykkeleg, menneskeleg liv. Essensialismen hos Honneth ligg i at det å bli anerkjent er eit felles menneskeleg behov, og ei transhistorisk og transkulturell normativ forventning (Kompridis 2004, s 326). Med Honneth kan me seia at netthets er etisk forbode fordi hetsen, som tidlegare nemnt i analysen, hindrar samfunnsdebuttantar i å bli sosialt inkluderte og få den sosiale statusen dei fortener.

6. Avslutning

I denne oppgåva har eg undersøkt spenningsfeltet mellom yringsfridom og det etiske kravet om ikkje å påføra andre unødvendig skade. Det har eg gjort ved å sjå på netthets mot kvinnelege samfunnsdebattantar. Avslutningsvis vil eg gjenta spørsmåla i problemstillinga og komprimera svara frå empirikapittelet og analysekapittelet – slik at eg endar opp med ein konklusjon i kulepunktform. Før eg rundar av med nokon avsluttande kommentarar, kjem nokon forslag til kva ein kunne sett på om ein skulle undersøkje temaet vidare.

6.1 Konklusjon

Følgjande problemstilling har vore utgangspunkt for arbeidet: *Korleis opplever kvinnelege samfunnsdebattantar å bli netthetsa? Kva gjer netthetsen med motivasjonen deira for å halda fram med å ytra seg offentleg? Kva trussel utgjer netthets mot den gode samtalen og det gode liv? Kva utløyser netthets – og kvifor? Kan ein, med å ta utgangspunk i omgrepet det gode liv, seia at det er etisk forbode å netthetsa?*

Med denne problemstillinga ville eg undersøkje om det er slik at fok blir herda av å bli krenkte, finna ut kva me risikerer av menneskeleg ubehag i mellomtida og finna svar på om me risikerer å få ein fattigare debatt – om nokon opplever debattklimaet som så ubehageleg at dei trekkjer seg. Konklusjonen, presentert i kulepunkt, er som følgjer:

- **Om opplevinga av netthets:** Sju av dei åtte kvinnene eg har intervjuja, seier dei toler netthetsen. Seks meiner dei har fått tjukkare hud som følgje av å bli hetsa på nettet. Men alle har likevel opplevd episodar der hetsen har utløyst ubehag. Dei som har fått tjukkare hud, erfarer at ho likevel ikkje er ugjennomtrengjeleg. Alle kvinnene har opplevd å bli anten skræmde, leie seg eller sinte etter å ha blitt netthetsa. Seks seier dei har opplevd at hetsen går ut over sjølvkjensla. Like mange erkjenner at dei har sensurert seg sjølv som følgje av netthets.
- **Om motivasjon:** Sjølv om dei opplever at dei blir forsøkt vippa av pinnen, har alle kvinnene motivasjonen til å halda fram med å ytra seg i behald. At dei har gode støttespelarar, og at dei får mykje positiv respons òg, er blant grunnane til det.
- **Om trusselen mot den gode samtalen og det gode liv:** Netthets fører til at den gode samtalen bryt saman. Ein verbal slåstkamp bryt ut i staden, ein slåstkamp som ofte

endar at den kvinnelege samfunnsdebattanten blir gjort behandla som eit objekt i staden for ein person. I slike tilfelle blir ikkje samfunnsdebattanten solidarisk anerkjent, og kan ikkje identifisera seg med måla og ønska sine. Krenkinga kan føra til at heile identiteten hennar bryt saman. Å bli gjort til objekt er ei form for stigmatisering – som forsterkar synet på at visse grupper av befolkninga ikkje er likestilte med andre. Diskriminering hindrar folk i bruka verkemåtane sine. Ho som takkar nei til å stilla i ein debatt fordi ho har blitt truga med vald når ho har ytra seg tidlegare, har fått innskrenka den reelle moglegheita ho har til å vera politisk aktiv. Netthetsen har dermed kome i vegen for den menneskelege blomstringa hennar. I tillegg risikerer me å mista eit perspektiv i debatten – som i sin tur skal leggja grunnlaget for politikken som skal førast. Slik trugar altså netthetsen både samtalen på jakt etter det gode – og livet på jakt etter det gode. På spel står både menneskeleg blomstring og prosessane som skal trekkja samfunnet i rett retning.

- **Om kva som utløyser netthets – og kvifor:** Alle informantane opplyser at debattinnlegg om kvinnesak generer hets. Med Nussbaum kan me seia at netthetsaren skammar seg fordi han kjenner seg underlegen, og han prøver å danna seg ei verd der den kvinnelege samfunnsdebattanten ikkje lenger er så suksessfull. Han koplpar skam med maskuline normer om å ha kontroll – og gir seg til å netthetsa. Ved å føra si eiga skam over på samfunnsdebattantane, lagar han eit trygt område rundt seg sjølv. Med Honneth kan me seia at hetsaren kjenner skam fordi han på ein urettvis måte ikkje er blitt anerkjent. Audmjukinga skaper ei affektiv spenning, som han får utløyst ved å hetsa folk på nettet.
- **Etisk dom:** Seks av åtte av informantane har sensurert seg sjølv som følge av netthets. I dei tilfella har netthetsen kome i vegen for at dei kan utfalda seg politisk slik dei ønskjer. Med Nussbaum er det mogleg å seia at netthetsen, fordi han kjem i vegen for menneskeleg blomstring, er etisk forboden. Med Honneth kan me seia at netthetsen er etisk forboden fordi han hindrar samfunnsdebattantar i å bli sosialt inkluderte og få den statusen dei fortener. Med det som bakteppe, kan ein òg seia at det er etisk rett å styrkja Svare sine ideal for den gode samtalen, eller nettsamtalen.

6.2 Forslag til vidare forskning

Eg fann det overraskande at så mange av intervjuobjekta sa at dei hadde blitt herda av netthetsen – og ikkje minst at viljen til å trassa netthetsen og motivasjonen til å halda fram med å ytra seg var såpass sterk. Eg hadde venta at det ville vera meir motløyse å spora. Éi av kvinnene eg har intervjuja, veit om fleire som har prøvd seg som meldarar og kommentatorar, men som har trekt seg fordi personfokuset gjorde det for slitsamt å halda fram. Éi seier ho nok kunne ha vore freista til å gi seg om det ikkje var for at skriving, samt det å halda føredrag, er å føretrekkja føre meir kjedelege jobbar. Om ein skulle undersøkje temaet vidare, kunne det vore interessant å høyra korleis kvinner som *har* trekt seg frå samfunnsdebatten, har opplevd netthets.

Eit par av kvinnene eg har intervjuja, etterlyser dessutan meir hatforskning. Dei ønskjer å vita kva som utløyser hetsen dei opplever. Eg har så vidt vore inne på dette i denne oppgåva, men eg har tatt utgangspunkt i kva kvinnene sjølv tenkjer om hetsarane, som oftast er menn. Kvinnene har ei oppleving av at menn som hetsar vil ha rangen – og prøver å setja dei til sides. Men for å få meir og sikrere kunnskap om dette vil det vera nødvendig å intervjuja menn som netthetsar, for å høyra kva dei sjølv seier om motivasjonen for å hetsa. I boka *Creating Capabilities, The Human Development Approach* frå 2011 poengterer Martha C. Nussbaum nettopp det. Ho understrekar at det vil vera ein stor jobb å undersøkje den typen hat og avsky som fører til at folk ikkje får brukt verkemåtane sine. Her må primitiv skamkjensle, som fører til stigmatisering av andre, inkluderast, meiner ho (Nussbaum 2011, s. 182). I skrivande stund er Arbeidsforskningsinstituttet i gang med ei undersøking om netthat og journalistisk ytringsfridom. Undersøkinga vil vera spesielt retta mot seksualisert vald og truslar. Eit av måla med undersøkinga er å finna ut om det stemmer at det er flest kvinner som blir utsette for netthets (Blystad 2014, s. 9).

6.3 Alternative analysereiskap

Det er mogleg å sjå på problematikken med utgangspunkt i andre teoriar enn dei eg har brukt. Eg har brukt teleologiske teoriar, teoriar som tar utgangspunkt i ein definisjon av det gode liv. I boka *Til saken, etikk og retorikk i den offentlege debatten* (2012) drøftar Helge Svare netthets i forhold til utilitarismen, plikketikken og nærleiksetikken. Ei utilitaristisk grunngeving for å seia at netthetsen er etisk forboden, vil byggja på prinsippet om at ein skal

velja den handlinga som gir mest mogleg nytte for flest mogleg. Når ein måte å handla på står i fare for å krenkja nokon, mens den andre ikkje gjer det, er det den første handlingsmåten som er etisk rett.

Etter pliktetiske prinsipp må den som har lyst å ytra seg på ein måte som krenkjer andre, spørja seg om det ville vore i orden at alle andre òg handla på den måten. Viss ikkje denne personen sjølv synest det er i orden å bli krenkt, er det etisk forbode å netthetsa. I nærleiksetikken er ein av grunntankane at det oppstår ein eigen dimensjon i det nære møtet mellom menneske. I eit nærleiksetisk perspektiv må den som vil kommentera eit innlegg på nettet, spørja seg om kommentaren kunne blitt formidla til mottakaren ansikt til ansikt.

Eit anna alternativ kunne vore å sjå på saka frå ein meir reindyrka feministisk synsvinkel og brukt feministisk teori som analyseverktøy.

6.4 Implikasjonar for praksis

Ein studie gjort av Karoline Andrea Ilebak, Anders Sundnes Løvlie og Henry Mainsah viser at nettdebatten er blitt stramma inn i tre av dei største nettavisene i landet etter terrorangrepet 22. juli 2011. Metodane som er blitt brukt er krav til identifisering av deltakarane, bruk av førehandskontroll, tematisk styring av debatten og meir aktiv moderering av debatten (Ilebak, Løvlie og Mainsah 2013, s. 223).

Eg meiner at det som er kome fram på dei føregåande sidene, kan vera med på å byggja opp under ei oppfatning av at det er rett å halda dei som vil delta i nettdebatten litt i taumane. Oppgåva viser at netthets *har* konsekvensar for menneskeleg velvære. Dessutan blir debatten fattigare når kvinnelege samfunnsdebattantar sensurerer seg sjølv – i frykt for å bli hetsa. Både krav til identifisering og debattreglar kan bidra til å halda nettdebatten på eit anstendig nivå. Regel nummer to i debattreglane til Aftenbladet.no lyder som følgjer: Diskuter sak, ikkje person. Det er ikkje tillate å trakassera meddebattantar (Aftenbladet.no 2012).

Litteraturoversikt:

Aftenbladet.no (2012): Debattregler. Henta frå

<http://www.aftenbladet.no/meninger/Debattregler-2926709.html>

Bangstad, Sindre og Vetlesen, Arne Johan (2011): *Ytringsfrihet og ytringsansvar*. Nytt Norsk Tidsskrift 4-2011

Benton, Ted and Craib, Ian (2011): *Philosophy of Social Science. The philosophical foundations of social thought*. Basingstoke: Palgrave Macmillan

Berge, Kjell Lars (2010): *Ytringsfrihet og ytringsanstendighet*. I Stenstadvold, Halvor (red): *Georgs bok*. Oslo: Pax

Blystad, Stig-Øyvind (2014, 1.10.): *Dokumenterer netthets*. Vårt Land, s. 9

Bouiri, Issam (2012): *Grensen mellom ytringsfrihet og vernet mot hatefulle ytringer: Når er terskelen for hatefulle ytringer overtrådt etter Straffeloven § 135 a?* (Mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen) Henta frå:

<https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/6323/103563321.pdf?sequence=1>

Brinkmann, Svend og Kvale, Steinar (2009): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Corneil, Marit Kathryn (2007): *Usynlige offentligheter? Dokumentarfilm og web 2.0*. I Levold, Nora og Spilker, Hendrik Storstein (red): *Kommunikasjonssamfunnet. Moral, praksis og digital teknologi* Oslo: Universitetsforlaget

Creswell, John W. (2007): *Qualitative inquiry and research design. Choosing among five approaches*. Thousand Oaks, California: Sage publications

Christensen, Anne-Marie S.(2008): *Moderne dydsetikk. Arven fra Aristoteles*. Århus: Aarhus Universitetsforlag

Den europeiske menneskerettskonvensjon med protokoller (1953) (norsk oversetting): Konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter. Roma 4. november 1950. I kraft 3.september 1953. Henta frå:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/regpubl/otprp/19981999/otprp-nr-3-1998-99-/16.html?id=159300>

Diskrimineringsloven (2005): Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. Henta frå: <http://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2005-06-03-33>

FNs kvinnekonvensjon (1979): FNs konvensjon om å avskaffe alle former for diskriminering mot kvinner. Henta frå: <http://www.fn.no/Bibliotek/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-kvinnekonvensjon>

Foxman, Abraham H. og Wolf, Christopher (2013): *Viral Hate. Containing its Spread on the Internet*. Basingstoke: Palgrave Macmillan

Gomm, Roger (2008): *Social Research Methodology. A Critical Introduction*. Basingstoke: Palgrave Macmillan

Giorgi, Amedeo (2005): *The Phenomenological Movement and Research in the Human Sciences*. Nursing Science Quarterly 1-2005

Honneth, Axel (2007): *Disrespect: The Normative Foundations of Critical Theory*. Cambridge: Polity Press

Honneth, Axel (2008): *Kamp om anerkjennelse: Om de sosiale konfliktenes moralske grammatikk* (omsett av Holm-Hansen, Lars). Oslo: Pax

Hooft, Stan van (2010): *Cosmopolitanism, Identity and Recognition*. I Hooft, Stan van og Vandekerckhove, Wim (red.): *Questioning cosmopolitanism*. New York: New York Springer

Ihlebak, Karoline A., Løvlie, Anders S., Mainsah, Henry (2013): *Mer åpenhet, mer kontroll? – Håndteringen av nettdebatten etter 22*. Norsk medietidsskrift, 20 (03), s. 223-240.

Kompridis, Nikolas (2004): *From Reason to Self-Realisation? Axel Honneth and the Ethical Turn in Critical Theory*. Critical Horizons, 5 (1), s. 323-360

Leer-Salvesen, Paul (2011): Normative Evaluations in Theological Ethics. I I Henriksen, Jan-Olav (red): *Difficult Normativity: Normative Dimensions in Research on Religion and Theology*. Frankfurt am Main: Peter Lang

Levold, Nora, Spilker, Hendrik Storstein og Sørensen, Knut H. (2007): *Mot en elektronisk solidaritet*. I Levold, Nora og Spilker, Hendrik Storstein (red): *Kommunikasjonssamfunnet. Moral, praksis og digital teknologi*. Oslo: Universitetsforlaget

Lewis, Thomas A. (2010): *Ethnography, Anthropology, and Comparative Religious Ethics: Or Ethnography and the Comparative Religious Ethics Local*. *Journal of Religious Ethics*, 38 (3), s. 395-403

Likestillingsloven (2013): Lov om likestilling mellom kjønnene. Henta frå:
<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2013-06-21-59>

Malterud, Kirsti (2011): *Kvalitative metoder i medisinsk forskning: En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget

Manen, Max van (1990): *Researching Lived Experience. Human Science for an Action Sensitive Pedagogy*. Albany, New York: The State University of New York Press

Merriam, Sharan B. and Associates (2002): *Qualitative Research in Practice*. San Francisco, California: Jossey-Bass

Moustakas, Clark (1994): *Phenomenological Research Methods*. Thousand Oaks, California: Sage Publications

NOU 1999:27 (1999): "Ytringsfrihed bør finde sted" – Forslag til ny Grunnlov § 100. Oslo: Statens forvaltningstjeneste. Henta frå:
<http://www.regjeringen.no/Rpub/NOU/19991999/027/PDFA/NOU199919990027000DDDDPDFA.pdf>

Nussbaum, Martha C. (1992): *Human Functioning and Social Justice. In Defense of Aristotelian Essentialism*. *Political Theory* 2-1992

Nussbaum, Martha C. (1993): *Non-relative virtues: An Aristotelian Approach*. I *The Quality of Life*, M. Nussbaum og A. Sen (red.), Oxford: Clarendon Press

Nussbaum, Martha C. (1995): *Aristotle on Human Nature and the Foundation of Ethics*. I *World, Mind and Ethics. Essays on the Philosophy of Bernard Williams*, J.E.J Altham og R. Harrison (red.). Cambridge: Cambridge University Press

Nussbaum, Martha C. (1995): *Objectification*. *Philosophy & Public Affairs*, 24 (4), 249-291

Nussbaum, Martha C. (2000): *Women and Human Development. The Capabilities Approach*. Cambridge: Cambridge University Press

- Nussbaum, Martha C. (2010): *Objectification and Internet Misogyny*. I Levmore, Saul og Nussbaum, Martha C. (red): *The Offensive Internet*. London: Harvard University Press
- Nussbaum, Martha C. (2011): *Creating Capabilities: The Human Development Approach*. Cambridge, Mass: Belknap Press of Harvard University Press
- Prop. 53L (2012-2013): *Endringer i straffeloven 1902 mv. (offentlig sted, offentlig handling m.m)* Henta frå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/regpubl/prop/2012-2013/prop-53-l-20122013.html?id=710063>
- Repstad, Pål (2007): *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget
- Rieber-Mohn, Georg Fr.(2012): *Ytringsfrihet og ytringsansvar*. Nytt Norsk Tidsskrift 1-2012
- Riis, Anita Holm (2006): *Kulturmødets hermeneutik. En filosofisk analyse af kulturmødets forudsætninger*. Højbjerg: Forlaget Univers
- Riis, Ole (2005): *Samfundsvidenskab i praksis. Introduktion til anvendt metode*. København: Hans Reizels Forlag
- Riis, Ole (2011): *Kvalitet i kvalitative studier*. I M.H Jacobsen: *Kvalitative forskningsmetoder*. Aalborg: Aalborg Universitetsforlag
- Riis, Ole (2011): *Normativity in Empirical Social Studies*. I Henriksen, Jan-Olav (red): *Difficult Normativity: Normative Dimensions in Research on Religion and Theology*. Frankfurt am Main: Peter Lang
- Schmidt, Ulla (2011): *Empirical Research and Theological Normativity*. I Henriksen, Jan-Olav (red): *Difficult Normativity: Normative Dimensions in Research on Religion and Theology*. Frankfurt am Main: Peter Lang
- Schlosberg, David (2012): *Justice, Ecological Integrity, and Climate Change*. I Thompson, Allen og Bendik-Keymer, Jeremy (red): *Ethical Adaption to Climate Change. Human Virtues of the Future*. Cambridge: MIT Press
- Straffeloven (1902): *Almindelig borgerlig Straffelov*. Henta frå: <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1902-05-22-10>
- Svare, Helge (2006): *Den gode samtalen. Kunsten å skape dialog*. Oslo: Pax Forlag

Svare, Helge (2012): *Til saken. Etikk og retorikk i den offentlige debatten*. Oslo: Pax Forlag

Svare, Helge og Svensson, Trygve (2014): *Ytringsansvar ere Enhver tilladte!* NRK Ytring.

Henta frå: http://www.nrk.no/ytring/ytringsansvar-ere-enhver-tilladte_-1.11618934

Tuastad, Svein Erik (2012): *Ytringsfridom og hat*. Nytt Norsk Tidsskrift 1-2012

Walent, Ronald J. (2008): *Understanding and Reflexivity in Researching Religion, Spirituality and Aging*. Journal of Religion, Spirituality and Aging, Vol. 20

Vedlegg:

Intervjuguide:

Kva har du opplevd av netthets?

Korleis opplevde du det?

Kva følte du?

Kva tankar gjer du deg om netthets?

Har netthetsen gjort noko med motivasjonen din for å halda fram med å ytra deg?

Har netthetsen herda deg eller gjort skade?

Samtykkeskjema:

Samtykke til å delta i forskingsprosjekt; netthets vs den gode samtalen

Bakgrunn og føremål:

Problemstillinga for masteroppgåva er som følgjer: Kva trussel utgjer netthets mot den gode samtalen, og kva står på spel? Korleis opplever kvinnelege debattantar å bli netthetsa? Kva gjer netthetsen med motivasjonen deira for å halda fram med å debattera?

I analysen vil eg vurdere netthetsen opp imot ideala for den gode samtalen, som Helge Svare har peikt ut i boka *Den gode samtalen- kunsten å skape dialog*.

Du er beden om å vera med i prosjektet på bakgrunn av at du har opplevd netthets.

Kva deltakinga omfattar:

Stilla til eitt hovudintervju, eventuelt eit oppfølgingsintervju i tillegg. Spørsmåla blir som følgjer:

Kva har du opplevd av netthets? Korleis opplevde du det? Kva følte du? Kva tankar gjer du deg om netthets? Har netthetsen gjort noko med motivasjonen din for å halda fram med å ytra deg? Har netthetsen herda deg eller gjort skade?

Det vil bli tatt notat og lydopptak frå intervjuet.

Lagring av informasjon:

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Eg vil ikkje på noko tidspunkt i prosjektet kopla namn eller andre personopplysningar med opptak/utskrift.

Prosjektet skal etter planen avsluttast i desember 2014. Innsamla opplysningar vil bli anonymisert og lydopptak makulert seinast 06.06.2015.

Om å delta:

Det er frivillig å delta og du kan når som helst trekkja samtykket ditt utan grunn.

Ved spørsmål, kontakt meretehorpestad@hotmail.com eller rettleiar odin.lysaker@uia.no

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

Samtykke:

Eg har mottatt informasjon om studien og er villig til å delta:

Signatur, dato